

Rapport 923

Best før, men også god etter

Evaluering av distriktsmusikarordninga

ÅSNE DAHL HAUGSEVJE & OLA K. BERGE

Tittel: Best før, men også god etter

Undertittel: Evaluering av distriktsmusikarordninga

Rapport nr.: 923

Forfattarar: ÅSNE DAHL HAUGSEVJE & OLA K. BERGE

Dato: 15.09.2025

ISBN: 978-82-336-0817-0

ISSN: 2703-7894

Prosjekt: Evaluering av distriktsmusikarordninga

Prosjektleiar: Åsne Dahl Haugsevje

Oppdragsgjevar: Vestland fylkeskommune

Telemarksforskning
Postboks 4
3833 Bø i Telemark
Tlf.: +47 35061500

Føreord

I januar 2025 lyste Vestland fylkeskommune ut eit oppdrag om å evaluere distriktsmusikarordninga. Telemarksforsking vart tildelt oppdraget, og denne rapporten presenterer resultata frå evalueringa. Arbeidet med evalueringa er gjennomført i perioden frå mars til september 2025.

Oppdraget har vore utført av to seniorforskarar ved Telemarksforsking, Ola K. Berge og Åsne Dahl Haugsevje.

Evalueringa baserer seg på analyse av relevante dokument, ei spørjeundersøking og kvalitative intervju i tillegg til data frå Norsk kulturindeks. Vi vil gjerne takke alle informantar og respondentar som har delt sine erfaringar med og synspunkt på distriktsmusikarordninga. Vi vil også takke Vestland fylkeskommune for tilliten og for eit spanande oppdrag.

Vi håpar rapporten vil vere til nytte!

Bø, 6. februar 2026

Åsne Dahl Haugsevje

Prosjektleder

Innhald

Føreord	3
Samandrag	7
1. Innleiing	11
1.1 Om distriktsmusikarordninga	11
1.2 Mandat og forskingsspørsmål	14
1.3 I skvis mellom kultur- og distriktpolitiske verdier	15
1.4 Data og metodar	17
1.4.1 Dokumentgjennomgang	17
1.4.2 Spørjeundersøking	19
1.4.3 Kvalitative gruppe- og enkeltintervju	21
1.4.4 Personvern	23
1.5 Oppbygging av rapporten	23
2. Distriktsmusikarordninga i dag	24
2.1 Mål og organisering	24
2.2 Vertskommunar og distriktsmusikarar	26
2.3 Distriktsmusikarane – arbeidskvardag og roller	27
2.4 Bruken av distriktsmusikarordninga	29
2.4.1 Bruken av fylkeskvoten	29
2.4.2 Sal av distriktsmusikartenester frå vertskommunane	33
3. Erfaringar med distriktsmusikarordninga	36
3.1 Det frivillige musikklivet	36
3.2 Rekruttering og talentutvikling	39
3.3 Det profesjonelle musikklivet	41

3.4	Kvalitet og mangfald.....	45
3.5	Distriktsmusikarane.....	46
3.6	Kjennskap og marknadsføring	51
3.7	Arenaer for kommunikasjon og samhandling.....	54
4.	Regionale effektar av ordninga	57
4.1	Styrking av musikklivet i heile Vestland.....	57
4.2	Styrking av rekruttering og talentutvikling i regionen.....	60
4.3	Styrking av regionale aktørar	61
4.4	Robuste fagmiljø.....	62
4.5	Styrking av regional identitet	66
4.6	Den regionale effekten av distriktsmusikarordninga alt i alt	66
5.	Oppsummering og konklusjon	70
5.1	Tilrådingar.....	72
	Referansar.....	73

Samandrag

Distriktsmusikarordninga i Vestland er ei ordning som har som mål å styrkje musikklivet i distrikta gjennom å sikre tilgang til profesjonelle musikkrefter. Ordninga vart etablert mot slutten av 1980-talet, og vidareført og utvida etter fylkessamanslåinga i 2020. Den inneber at musikarar, i hovudsak innan klassisk musikk og folkemusikk, vert tilsette i faste stillingar. I dag omfattar dette 22 distriktsmusikarstillingar, som er knytt til kulturskulane i seks vertskommunar: Sunnfjord, Gloppen, Sogndal, Voss, Ullensvang og Alver. 50 prosent av stillinga er utøving og 50 prosent undervisning. Vertskommunane har avtale med fylkeskommunen om refusjon av lønsutgifter for halvparten av utøvardelen i stillingane. Til gjengjeld får fylkeskommunen ein muskarressurs, *fylkeskvoten*, som vertskommunane stiller til disposisjon, slik at konsertarrangørar, lag og organisasjonar kan nytte distriktsmusikarar til gjennomføring av regionale musikkprosjekt. Musikarane kan slik tingast til ulike oppdrag, til dømes konsertproduksjonar eller andre typar samarbeid. Sidan 1990-talet har dette vore forankra i ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og dei kommunane som har arbeidsgjevaransvaret. Her er det presisert at kvar kommune i ordninga har eit ansvar for å marknadsføre og tilby utøvarstenester som skal kome heile fylket til gode.

I 2024 vedtok fylkestinget i Vestland å evaluere ordninga. Mandatet for evalueringa, som er utført av Telemarksforsking, har vore å undersøkje om distriktsmusikarordninga verkeleg kjem *heile fylket til gode* i samsvar med intensjonen ved etableringa av ordninga. Dette har inkludert 1) å undersøkje korleis musikklivet i kommunane opplever ordninga, det vil seie kva erfaringar dei har med ordninga og kva synspunkt dei har på korleis ordninga fungerer, og korleis dei gjer seg nytte av ordninga, og 2) å undersøkje kva dei regionale effektane av ordninga er. Gjennom dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking har vi lagt vekt på å inkludere perspektiv både på dei aktørane som er del av og nyttar ordninga og dei aktørane som per i dag ikkje er del eller ikkje nyttar ordninga. Vidare har det vore sentralt å undersøkje regionale effektar både med tanke på den frivillige og den profesjonelle delen av musikkfeltet.

Etter at ein i 2020 vedtok å utvide ordninga, er det i dag seks vertskommunar for ordninga med til saman 22 musikarstillingar. Utvidinga har ført til at ordninga dekkjer meir av regionen enn før. Likevel har ordninga framleis eit tyngdepunkt i den nordlege delen av fylket. I kommunane som har kome med i ordninga i det siste er det dessutan berre éi musikarstilling (evt. to delte stillingar), som mellom anna inneber lågare kapasitet og smalare sjangerbreidde enn i kommunane med større grupper av musikarar. Distriktsmusikarstillingane er prega av stor variasjon når det gjeld arbeidsoppgåver. I undervisningsdelen og i utøvardelen av stillingane sine skal dei fylla mange roller og samarbeide med mange ulike aktørar, både born, ungdom, vaksne amatørar og profesjonelle aktørar. Dette krev, i tillegg til høg musikkfagleg kompetanse, stor fleksibilitet, allsidig kompetanse, initiativrikdom og ei evne til å gjere seg synleg og relevant. Vårt inntrykk er at musikargruppene som har lang fartstid i ordninga naturleg nok inngår i fleire samarbeidskonstellasjonar enn musikarane som held til i kommunar som nyleg har kome med i ordninga. Når det gjeld bruken av

fylkeskvoten kan det sjå ut til at denne ikkje er optimalt utnytta, om vi ser på perioden frå 2012 og fram til i dag. Ei handfull musikkaktørar nyttar kvoten i stor grad. Fleire kommunar har ikkje hatt tildelingar frå fylkeskvoten til sitt lokale musikkliv. Det er i all hovudsak musikklivet i nordre del av regionen som har nytta fylkeskvoten. I utøvardelen av muskarstillingane inngår også musikartenester utanom fylkeskvoten, som ulike brukarar kjøper frå vertskommunane. Her har muskarane ei stor breidde av oppdragsgjevarar, store og små aktørar frå både den profesjonelle og den frivillige delen av musikklivet samt offentlege og private aktørar utanom fylkeskvoten. Vi har ikkje datagrunnlag for å seie noko om utnyttingsgrad, men intervjuar indikerer at det også her er vertskommunane med lang fartstid i ordninga som har størst kundekrinsar.

Eit gjennomgåande funn i analysane av ulike aktørars erfaringar med og synspunkt på distriktsmuskarordninga, er at mange har liten kjennskap til ordninga. Kommunane og musikklivet opplever at ordninga er lite marknadsført og at ikkje alle distriktsmuskarane er like synlege. Datamaterialet viser at blant dei i det frivillige musikklivet som har kjennskap til ordninga så er den populær, ofte til tross for at mange meir ser indirekte fordelar med ordninga enn at den er direkte relevant for eigen aktivitet. Samtidig kjenner mange for lite til ordninga til å ynskje å uttale seg, og særleg gjeld dette i kommunar langt frå vertskommunane kulturelt og/eller geografisk. Spørjeundersøkinga indikerer òg at reiseavstand frå vertskommunen er ein viktig grunn til at mange ikkje nyttar ordninga. Blant dei som kjenner godt til ordninga meiner mange at den er særst viktig for rekruttering til musikklivet og talentutvikling. Også det profesjonelle musikklivet og særleg dei regionale institusjonane gjev ordninga god vurdering, og er av dei som har størst nytte av ordninga. Dei både kjøper musikartenester og nyttar fylkeskvoten aktivt. Materialet viser at mange i musikklivet vurderer ordninga til å bidra til å sikre eit mangfaldig musikktilbod av høg kvalitet og at distriktsmuskarane er gode på å få realisert lokale prosjekt. Kompetansen til distriktsmuskarane vert av dei som har kjennskap til dette vurdert som god når det gjeld både relevans og kvalitet. Dei kritiske synspunkta som har kome er knytt til kva konsekvensar innrettinga med faste stillingar har for kvaliteten på kompetansen, og til eit ynskje frå nokre informantar om ei større breidde når det gjeld instrument, sjanger og uttrykk.

Ein sentral del av mandatet var å undersøke dei regionale effektane av distriktsmuskarordninga. Sjølv om materialet vårt ikkje er heilt eintydig, er vårt overordna inntrykk at ordninga så langt ikkje har nådd målet om å kome heile regionen til gode, og at dei positive effektane i større grad er lokale enn regionale. Blant det som står ut som tydelege direkte regionale effektar er at ordninga, gjennom den tette relasjonen til kulturskulane, bidreg til rekruttering og talentutvikling og ei styrking av grasrota i musikklivet. Sjølv om denne effekten er størst i vertskommunane, tyder materialet vårt på at også nærliggande kommunar får noko effekt av dette gjennom kulturskulesamarbeid og ulike musikkprosjekt. Samstundes er det delar av regionen der ordninga ikkje ser ut til å ha ein slik effekt. Ordninga ser òg ut til å ha ein positiv regional effekt på det profesjonelle musikklivet i regionen, men heller ikkje på dette punktet kjem ordninga heile regionen like mykje til gode. Materialet vårt indikerer også at ordninga har nokre meir indirekte regionale

effektar. Her har vi trekt fram at ordninga alt i alt vert sett på som eit positivt tilskot til regionen og den kulturelle identiteten til Vestland, noko som kan sjå ut til å ha vorte styrka gjennom at folkemusikk har vorte ein del av ordninga. Til sist kan det diskuterast i kor stor grad ordninga er eit bidrag til arbeidsplassutvikling, attraktivitet og bulyst, men stillingane er attraktive kompetansearbeidsplassar som aukar breidda i den lokale arbeidsmarknaden og er lite konjunkturutsatte. I kapittelet diskuterer vi òg om ordninga har meir uheldige effektar. Dei færreste av våre informantar kan sjå uheldige effektar av ordninga, men nokre informantar meiner at ordninga er eit døme på korleis ressursar på kulturområdet er konsentrert til nokre kommunar, og at dette kan sjåast som ei sentralisering som bidreg til å forsterke forskjellar mellom sterke og svake kulturkommunar i regionen. Ei anna bekymring som er trekt fram av enkelte informantar er faren for at distriktsmusikarordninga utkonkurrerer frilansmusikarar som lever av den same marknaden. Data frå Norsk kulturindeks om musikarpopulasjonen i regionen (vertskommunar og ikkje-vertskommunar) kan verken stadfeste eller avkrefte om ordninga har positive eller negative effektar for frilansmusikarane; truleg har den både positive og negative effektar som verkar saman.

Distriktsmusikarordninga vart etablert for å stimulere musikklivet i ei tid då dette var svakt utvikla i regionen, og i eit kulturpolitisk klima der klassisk musikk hadde ein meir dominerande posisjon enn i dag. Vidareutviklinga av ordninga har skjedd i ei tid der folkemusikken i Vestland har hatt behov for profesjonalisering og institusjonalisering. Mange kommunar i Vestland har i dag eit rikt musikkliv, og ein kan, som fleire av våre informantar gjer, stille spørsmålet om ordninga har gått ut på dato. Om ein skal oppdatere ordninga i tråd med kulturpolitiske prinsipp og praksisar som er gjeldande i dag, vil det vere naturleg å opne opp ordninga for nye musikksgangar og -uttrykk, og å vurdere om det å gå vekk frå faste stillingar kan sikre auka fleksibilitet, kvalitet, relevans og legitimitet i ordninga. Fleire av informantane i evalueringa meiner at ressursane i ordninga kunne vore nytta betre på andre måtar og med større regional effekt, til dømes som søkbare midlar for musikklivet i heile Vestland. Men for at dette skal gje meining, må ein vere viss på at midlane i ein ny modell framleis vert nytta til musikkføremål, og med nokolunde same målsettingar som før. Det er langt frå sikkert i ei tid med anstrengt kommunal og fylkeskommunal økonomi.

På bakgrunn av funn og analyser er Telemarksforsking sin konklusjon følgjande: Evalueringa av distriktsmusikarordninga viser, med nokre atterhald, at den har positive effektar, men at intensjonen om å styrke musikklivet i heile regionen ikkje er fullt ut realisert. Gjennom musikarstillingar som kombinerer ein utøvardel og ein undervisningsdel knytt til kulturskulane, bidreg ordninga til å styrke grasrota i musikklivet lokalt gjennom rekruttering, talentutvikling og ulike musikkprosjekt. Ordninga kan også seiast å vere ein berebjelke for den profesjonelle delen av musikklivet i fleire kommunar, men fleire kritiske røyster peikar på at denne modellen, med faste, varige stillingar, gjev avkall på naudsynt fleksibilitet. Dette kan potensielt slå negativt ut for musikarane sin kvalitet og relevans. Dei positive effektane er dessutan størst i vertskommunane og nærliggjande område. Utvidinga av ordninga med fleire vertskommunar har styrkt den regionale dekninga. Samstundes er det mange kommunar, spesielt i den sørlege delen av fylket, som opplever avgrensa nytte av ordninga, mellom anna på grunn av geografisk avstand. Eit gjennomgåande funn i

evalueringa er at ordninga er lite marknadsført, og at kjennskapen blant målgruppene er for liten; både om at ordninga finst, og korleis musikklivet kan nytte seg av tenestene til distriktsmusikarane.

Telemarksforskning har seks tilrådingar dersom Vestland går vidare med distriktsmusikarordninga:

1. For å sikre fleksibilitet, kvalitet og relevans, bør ein ved nye tilsetjingar vurdere å tilsetje musikarar i åremålsstillingar med lang horisont, til dømes 6 år.
2. For å sikre relevans og kulturpolitisk legitimitet, bør ein ved nye tilsetjingar vurdere å tilsetje musikarar med kompetanse innan instrument og sjantrar som kan komplettere eksisterande kompetanse i ordninga. Dette må samstundes sjåast opp mot behovet for god samansetjing av musikargrupper i dei ulike vertskommunane.
3. Ved utviding av ordninga med fleire vertskommunar og/eller fleire musikarar, bør ein prioritere kommunar som har svært få profesjonelle musikarar, som har lang reisetid til kommunar med god tilgang på frilansmusikarar og/eller distriktsmusikarar, og som har utfordringar med å trekke til seg profesjonelle musikarar, inkludert gode søkarar til musikarstillingar i kulturskulen. Ein bør óg unngå å ha vertskommunar med berre éin tilsett distriktsmusikar, då evalueringa viser at det er krevjande å nå måla i ordninga med så liten musikarressurs.
4. Partane i ordninga bør gå saman om å formulere tydelegare og meir konkrete mål for ordninga, som er lette å kommunisere til omverda.
5. Partane i ordninga oppmodast til å, gjerne i samarbeid med musikklivet, legge meir innsats i å marknadsføre ordninga til relevante brukargrupper. Dette inkluderer oppdatert og konkret informasjon om ordninga på fylkeskommunale nettsider. Betre kommunikasjon av ordninga vil på sikt kunne føre til at fleire aktørar vil bruke ordninga, og betre utnytting av fylkeskvoten, som vil auke dei regionale effektane.
6. Det er behov for å utvikle meir samarbeid i og om ordninga: 1) Vertskommunane oppmodast til å etablere ein digital samarbeidsarena for distriktsmusikarane. 2) Partane i ordninga oppmodast til å halde fram arbeidet med å etablere ein arena for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige feltet. 3) Partane i ordninga oppmodast til å vidareutvikle samarbeidet om kommunikasjonen av ordninga.

1. Innleiing

Distriktsmusikarordninga i Vestland er ei vidareføring og utviding av den tidlegare distriktsmusikarordninga som vart etablert mot slutten av 1980-talet med mål om å styrkje musikklivet i distrikta gjennom oppretting av profesjonelle musikarstillingar. Sidan 1990-talet har ordninga vore forankra i ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og arbeidsgjevarkommunane, og ordninga vart vidareført etter fylkessamanslåinga i 2020. I 2024, etter at ordninga hadde vore i drift i nær 40 år, vedtok fylkestinget i Vestland å få evaluert ordninga for å undersøkje om den kjem heile fylket til gode i samsvar med intensjonen.

Evalueringa har undersøkt korleis musikklivet i kommunane opplever distriktsmusikarordninga og gjer seg nytte av den, og dei regionale effektane av ordninga. I dette innleiingskapittelet fylgjer først ein kort gjennomgang av bakgrunnen for ordninga og ei skildring av korleis den er organisert i dag. Deretter presenterer vi mandatet og forskingsspørsmåla vi har freista å svare på, og vi set distriktsmusikarordninga inn i ein kultur- og distriktpolitisk samanheng. Til slutt skriv vi om metodane vi har brukt for å samle inn datamaterialet som funn, analysar og konklusjonar i rapporten byggjer på.

1.1 Om distriktsmusikarordninga

Bakgrunnen for distriktsmusikarordninga går tilbake til etableringa av Rikskonsertane i 1968 og den påfølgjande utviklinga av skulekonsertverksemda utover på 70- og 80-talet. Basert på erfaringar med skulekonsertar i Sandnes i Rogaland, vart det slått fast at det var naudsynt å utvikle skulekonsertverksemda gjennom desentralisering. *Plan for utbygging av skulekonsertar i Norge* (Beck & Braseth, 1971) var ein offensiv og ekspansiv plan, og inkluderte eit viktig tiltak; oppretting av regionale stillingar for profesjonelle musikarar. Kulturdepartementet vedtok etablering av dei fyrste regionmusikargruppene i 1971, og i åra etter kom fleire til (Vandvik, 2018, s. 22–27). Dette skjedde i ei tid med stor auke i statlege midlar til musikklivet, ikkje minst regionalt. Oppbygginga av Rikskonsertane og regionmusikargruppene fann stad parallelt med ei storstilt utbygging av kommunale musikkskular og statleg musikkutdanning (Heian & Berge, 2024; Mangset & Hylland, 2017).

I 1985 sette Rikskonsertane og Kommunenes Sentralforbund (KS) ned ei gruppe for å greie ut status for ordninga med regionmusikarar. Utgreiinga slo fast at det var stor variasjon i kunstnarisk kvalitet, og peikte ut ein ny kurs (Rikskonsertane & KS, 1985). Løysinga gjekk på å halde fast ved faste kombinerte musikarstillingar i distrikta, men leggje meir vekt på kunstnarisk kvalitet. Ein jury, der Rikskonsertane var

inkludert, skulle frå no av vurdere formidlingsevne og ferdighetar hos kandidatane basert på prøvespel. Musikarar som fekk godkjent prøvespel, gjekk over i *distriktsmusikarstillingar* som vart oppretta av kommunane. Dette var kombinerte stillingar med 50/50 utøvande og pedagogisk verksemd. Dei fekk betre rammevilkår enn tidlegare, blant anna rom for øving (Vandvik, 2018, s. 37–38). Rikskonsertane samarbeidde om og delfinansierte musikarordninga fram til 1991, då institusjonen trekte seg ut.

Trass i den offensive politikken, planen *Samla plan for musikklivet i Sogn og Fjordane* skildrar i 1987 Sogn og Fjordane som eit fylke med eit svakt utvikla profesjonelt musikkliv både på utøvar- og opplæringssida. Planen presenterte ei analyse som definerte eit klart behov for fleire profesjonelle musikarar, noko som i sin tur leidde fram til etableringa av Distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane i 1987. I Hordaland vart distriktsmusikarordninga etablert i 1988 etter ei omorganisering av dåverande regionmusikarordning. Dei to tidlegare fylkeskommunane i Vestland har gjennom åra begge hatt ansvar eller medansvar for to ulike musikarordningar: ei distriktsmusikarordning og ei fylkesmusikarordning. Her skisserer vi ein kortfatta historikk over desse ordningane.

Distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane vart etablert i 1987, altså relativt kort tid etter at den nasjonale regionmusikarordninga vart gjort om til distriktsmusikarordning. Etter fire års drift, i 1991, fall finansieringa frå Rikskonsertane bort, og fylkeskommunen og vertskommunane overtok det økonomiske ansvaret fullt og heilt. I byrjinga var det 12 musikarar tilsette i ordninga, fordelt på tre kvartettar. Seinare vart det utvida til 16 musikarar fordelt på fire kvartettar. Distriktsmusikarordninga i Hordaland vart etablert i 1988. Musikarane vart knytte til Hardanger/Voss med Voss som vertskommune¹ og til Sunnhordland (Tysnes, Kvinnherad, Etne, Ølen, Sveio, Bømlo, Austevoll, Fitjar og Stord) med Stord som vertskommune.² Stillingane var, som i Sogn og Fjordane, kombinerte stillingar med undervisnings- og utøvardel. Hordaland fylkeskommune ytte tilskot til ordninga etter årleg søknad.³ Ordninga i Sunnhordland vart avvikla i 2016.

Fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane vart etablert i 1989, som ei musikarordning for forvalting og formidling av folkemusikkarven. Norsk kulturråd ytte tilskot til ordninga de tre fyrste åra. På det meste omfatta ordninga seks musikarar i til saman fem stillingar, med ein utøvardel og ein undervisningsdel.⁴ I Hordaland vart fylkesmusikarordninga etablert i 1992, også her med fire tilsette folkemusikarar. Musikarane har ikkje hatt fast undervisning som del av sitt arbeid, men ein del av stillingane har vore knytt til ulike arkiv. 25 prosent av stillingane har vore finansierte av Hardanger folkemuseum på Utne, Arne Bjørndals samling i Bergen og Ole Bull Akademiet på Voss.⁵

I 2013 vart fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane evaluert og omorganisert til å verte ein del av distriktsmusikarordninga i fylket. Dette førte til at fem folkemusikkstillingar vart omgjort til

¹ Avtale om samarbeid om distriktsmusikerordning. Brev fra Rikskonsertene til Voss kommune. 24.03.1987.

² Distriktsmusikarordning for Sunnhordland. Innstilling frå nemda som skal planleggja og få i gang Distriktsmusikarordning for Sunnhordlandsregionen. 1987.

³ Vestland fylkeskommune: Vidareutvikling av musikarordningane i Vestland, utgreiing, 01.10.2020.

⁴ Ibid.

⁵ Ibid.

distriktsmusikarstillingar. Frå 2013 var det altså 20 musikarstillingar i distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane. Desse var i 2020 fordelte på fire vertskommunar: Sunnfjord (åtte stillingar), Gloppen (seks), Sogndal (fem) og Lærdal (ei).⁶

I Vestland fylke, som altså består av tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylker, er det i dag ei distriktsmusikarordning og ei fylkesmusikarordning. Sistnemnde er ei lita ordning med til saman 1,5 stillingar, som dei siste åra har vore under utfasing gjennom naturleg avgang. Det er vidare relevant å nemne at det parallelt med distrikts- og fylkesmusikarordninga i Vestland finst ei kommunal musikarordning med utgangspunkt i Voss kommune som fylkeskommunen yter støtte til. Samstundes er det viktig å presisere at det berre er *distriktsmusikarordninga i Vestland* som inngår i mandatet for denne evalueringa. Vi kjem difor ikkje til å omtale desse andre ordningane vidare i særleg grad.

Det overordna målet med distriktsmusikarordninga i dag er, som vi kjem tilbake til, å sikre tilgang til profesjonelle musikkrefter i alle delar av fylket, slik det er formulert i samarbeidsavtalene mellom fylkeskommunen og vertskommunane. Musikarane i ordninga er i dag knytt til kulturskulen i dei seks vertskommunane Sunnfjord, Gloppen, Sogndal, Voss, Ullensvang og Alver. Stillingane i ordninga består av 50 prosent utøving og 50 prosent undervisning, og vertskommunane har avtale med fylkeskommunen om refusjon av lønsutgifter for halvparten av utøvardelen i stillingane. Til gjengjeld får fylkeskommunen ein muskarressurs, *fylkeskvoten*, som vertskommunane stiller til disposisjon, slik at konsertarrangørar, lag og organisasjonar kan nytte distriktsmusikarar til gjennomføring av regionale musikkprosjekt. Musikarane kan slik tingast til ulike oppdrag, til dømes konsertprosjekt og ulike samarbeid. I samarbeidsavtalen som er inngått med kvar arbeidsgjevarkommune, er det presisert at kvar kommune i ordninga har eit ansvar for å marknadsføre og tilby utøvartenester som skal kome heile fylket til gode.

Etter politisk handsaming i 2020 og 2021 vart det vedteke å utvide distriktsmusikarordninga. Med utvidinga vart det gjort avtale om tre nye stillingar, noko som betyr at det no er til saman 22 distriktsmusikarstillingar i Vestland. Ifølgje Vestland musikkråd⁷ er ordninga viktig for eit rikt musikkliv i Vestland. Både distrikts- og fylkesmusikarane er, ifølgje musikkrådet, ressurspersonar for det frivillige musikklivet med brei kompetanse, evne til å engasjere og realisere prosjekt, og ikkje minst viktige for rekruttering og talentutvikling. Likevel peikar musikkrådet på at ordninga i dag står sterkt særleg i delar av Sogn og Fjordane, og difor treng å utvidast og utviklast vidare for å sikre at det finst profesjonelle musikkrefter innan ulike sjangrar over heile fylket.

⁶ Ibid.

⁷ Innspel frå Vestland musikkråd, 5. juni 2024. <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/ShowDocument?registry-EntryId=215280&documentId=376662> Dato for nedlasting, 12.02.2024.

1.2 Mandat og forskningsspørsmål

I 2024 vedtok fylkestinget å evaluere den regionale effekten av distriktsmusikarordninga. Mandatet for evalueringa er:

Målsettinga med evalueringa er å undersøkje om distriktsmusikarordninga kjem heile fylket til gode i samsvar med intensjonen ved etableringa av ordninga. Ein innfallsvinkel er å sjå nærare på dei regionale effektane, og undersøke korleis musikklivet i kommunane opplever ordninga og gjer seg nytte av den.

Evalueringa skal såleis svare på ei overordna og to meir spesifikke problemstillingar:

Kjem ordninga heile fylket til gode i samsvar med intensjonen ved etableringa av ordninga?

- a. Korleis opplever musikklivet i kommunane ordninga, og korleis gjer dei seg nytte av den?*
- b. Kva er dei regionale effektane av ordninga?*

I arbeidet med evalueringa har det vore naudsynt å bryte desse problemstillingane ned i meir konkrete spørsmål og moment. Målet med ordninga då den vart etablert, var å styrke musikklivet i distrikta gjennom oppretting av profesjonelle musikarstillingar, og det er framleis dette som er intensjonen med ordninga, sjå diskusjon av målsetjingar i kap. 2.1. Som tydeleggjort i den overordna problemstillinga, er det viktig her å undersøke om ordninga kjem musikklivet i heile Vestland til gode. Den fyrste av dei to meir spesifikke problemstillingane handlar om korleis musikklivet opplever ordninga, det vil seie kva erfaringar dei har med ordninga og kva synspunkt dei har på korleis ordninga fungerer, om dei nyttar ordninga og korleis dei i så fall tek den i bruk. Her undersøker vi om eit samla musikkliv opplever at ordninga kan tilby relevante musikktenester med høg kvalitet, om dei opplever at distriktsmusikarane gjennom verksemda si bidreg til eit musikkliv med mangfald og høg aktivitet, og til rekruttering og talentutvikling. Den andre av dei to meir spesifikke problemstillingane handlar om kva effektar ordninga har for regionen. Å påvise effektar av eit tiltak er ei krevjande øving som krev målingar både før tiltaket vert sett inn – ei nullpunktsanalyse – og ei ny måling etter at tiltaket har vore i drift ei stund. Om ein med slike målingar finn at det har skjedd endringar, i positiv eller negativ retning, kan ein sjeldan vere sikker på om desse endringane har kome som resultat av tiltaket i seg sjølv eller om det er andre faktorar som har spelt inn. I dette tilfellet har vi inga nullpunktsanalyse. Når vi her undersøker effektar, er det basert på eit kvalitativt materiale; dokument, spørjeundersøking og intervju.

I arbeidet har det vore viktig å inkludere perspektiv både frå dei aktørane som er del av ordninga og dei aktørane som per i dag ikkje er del av ordninga. Vidare har det vore ein del av oppgåva å undersøke regionale effektar i relasjon til både den frivillige og den profesjonelle delen av musikklivet.

1.3 I skvis mellom kultur- og distriktpolitiske verdiar

I evalueringa legg vi vekt på at distriktsmusikarordninga er eit kulturpolitisk verkemiddel som må sjåast i lys av norske kulturpolitiske prinsipp og praksisar. Sidan ordninga eksplisitt vert presentert som eit tiltak for å auke kulturbruk og -deltaking i distrikta, er det også relevant å sjå den i lys av distriktpolitiske prinsipp og praksisar. Slike politiske tradisjonar, prinsipp og praksisar byggjer vidare på heilt særsegne verdigrunnlag og indre logikkar – dei har spesifikke rasjonale. Som vi skal sjå i denne rapporten, kjem distriktsmusikarordninga i Vestland frå tid til annan i skvis mellom desse verdigrunnlag; kulturpolitiske og distriktpolitiske verdiar spelar ikkje alltid saman.

Trass i at norsk politikk tradisjonelt har hatt ein nokså tydeleg distriktsprofil, har den norske *kulturpolitikken* vore temmeleg nasjonal, det kulturpolitikkforskarer Erik Henningsen kallar ein «statssentrert» kulturpolitikk (2024, s. 73). Sjølv om staten står for berre litt over halvparten av all offentleg kulturstøtte, set den mange av premissa for korleis kulturpolitikken spelar seg ut i by og bygd. Ein grunn er at mykje av politikken er knytt til institusjonar med statleg finansiering over statsbudsjettet. Ein anna grunn kan vere at kulturpolitikken i liten grad byggjer på lovar og forskrifter, slik at mange av aktørane i feltet ser til nasjonale retningslinjer, verdiar og tradisjonar i saker som gjeld kultur, til dømes slik dei vert omtalt i stortingsmeldingar og andre offentlege utgreiingar.

Sidan kulturpolitikken slik vert sett som eit nasjonalt prosjekt, vil kulturpolitiske tiltak, også regionale og lokale, ofte verte sett i lys av eller tolka inn i ein større heilskap. Mange fylkeskommunar og kommunar ser til kva som er gjengs praksis når dei legg sine kulturpolitiske strategiar. Difor er det relevant å sjå på distriktsmusikarordninga i lys av den nasjonale kulturpolitikken. Samtidig er det viktig å understreke at vi med det ikkje argumenterer for at eit fylke eller ein kommune nødvendigvis skal innordne seg ein generell praksis, eller vere redd for å gå eigne vegar i kulturpolitikken.

Distriktsmusikarordninga vart etablert mot slutten av 1980-talet for å stimulere musikklivet, som, slik det vart skildra i *Samla plan for musikklivet i Sogn og Fjordane*, var svakt utvikla både på utøvar- og opplæringsida. Dette skjedde samstundes som fleire andre fylkeskommunar, regionar og kommunar skipa til liknande musikarordningar. Fleire av fylkeskommunane og kommunane som hadde ordninga, m.a. Telemark, Innlandet og Møre og Romsdal har avvikla sine, med ulike grunngjevingar. Sidan etableringa av distriktsmusikarordninga i Vestland har musikkfeltet og samfunnet elles endra seg mykje, og ein kan stille spørsmålet om distriktsmusikarordninga framleis er eit relevant politisk verkemiddel, eller om den har gått ut på dato. Ein av grunnane til at ein i ei evaluering av distriktsmusikarordninga kan, og kanskje bør, stille dette spørsmålet, er at praksisen for faste utøvarstillingar i musikk- og kulturfeltet har endra seg i seinare år. I den nyleg publiserte NOU-en *Musikklandet* (NOU 2025: 7, s. 286), kan ein lese:

Musikere inngår i det som ofte omtales som kunstnerbefolkningen, som har blitt undersøkt en rekke ganger. Til sammen tegner undersøkelsene et overordnet bilde hvor kunstneres arbeidssituasjon har endret seg en god del de

siste tiårene, og særlig gjelder dette kunstneres tilknytning til arbeidsmarkedet. Stadig flere arbeider som selvstendig næringsdrivende eller i midlertidige engasjementer og kombinerer ulike typer jobber. Dette settes ofte i forbindelse med at kunstnerbefolkningen har vokst, noe som har økt konkurransen om jobber og oppdrag. Denne utviklingen gjelder også for musikeryrket. Musikerne er den største kunstnergruppen i Norge. Et viktig utviklingstrekk er i tråd med dette at kunstnere generelt og musikere spesielt i økende grad ser ut til å sette sammen et levebrød med utgangspunkt i flere inntektskilder. For å beskrive denne arbeidssituasjonen har flere begreper blitt tatt i bruk. Musikerens – og andre kunstneryrkers – arbeidssituasjon blir ofte omtalt som en «lappeteppeøkonomi», hvor man syr sammen sin totale inntekt ved hjelp av flere store og små inntektskilder. Begrepet mangesysleri brukes også en del om det samme.

Som vi ser, peikar utgreiinga på at stadig fleire kunstnarar og kulturarbeidarar, musikarar ikkje minst, arbeider som sjølvstendig næringsdrivande eller i midlertidige engasjement. Ein grunn til dette er at det har vorte fleire kunstnarar og musikarar som kjempar om dei same jobbane og oppdraga, og dermed mange som ikkje får fast jobb. Men det heng også saman med at mange av dei institusjonane som før tilsette utøvarar i faste stillingar, no i stadig større grad tilset desse utøvarane i engasjement som frilansarar eller tek dei inn som sjølvstendige næringsdrivande. Dette er del av ein internasjonal trend som går i retning av det som har vorte omtalt som ein «gig-economy» (Woodcock & Graham, 2020) og eit «risk society» (Beck, 1992). Dette har m.a. vorte forklart med at kulturfeltet har større behov for fleksibilitet enn andre felt, for å sikre kvalitet og relevans. Den før nemnde NOU-en *Musikklandet* kjem inn på denne debatten når dei skriv: «Samtidig er det stadig diskusjoner som knytter seg til at institusjonene opplever et behov for fleksibilitet i bruk av arbeidskraft og tilknytningsformer» (NOU 2025: 7, s. 287). Litt enkelt kan ein seie at ved å tilsetje ein musikar i fast stilling, vil ein arbeidsgjevar binde seg til denne musikaren i lang tid, kan hende i fleire tiår. Denne musikaren skal med andre ord kunne halde god kvalitet og ha evne til å utvikle og omstille seg parallelt med skiftande behov og ynskje, både frå publikum og andre. Det er det ikkje gitt at alle kan klare, og vi ser her ein potensiell verdikonflikt mellom tryggleik og stabilitet på den eine sida og fornying og dynamikk på den andre.

Samstundes som kvalitet er ein særskild viktig verdi i kultur- og musikkfeltet, er dette som nemnt også eit felt med få faste stillingar tilgjengeleg og stor risiko (Kleppe og Askvik, 2023). Faste stillingar som distriktsmusikar vert dermed eit interessant distriktspolitisk verkemiddel i kampen om å trekke folk og familiar til distrikta. Fast jobb kan vere den tryggleiken som musikarar i etableringsfasen treng for å ta det spranget det er å forlate ein mangfaldig arbeidsmarknad i sentrale strøk og etablere seg på ein mindre stad, der det kan hende ikkje finst andre relevante jobbar enn denne eine.

Eit anna aspekt av manglande fleksibilitet som følgje av å operere med faste stillingar, som fleire av informantane problematiserer, er at ordninga kan stå i fare for å miste relevans. Særleg ved at ordninga ikkje klarar å utvikle og omstille seg med omsyn til å sikre sjangermangfald. I *Musikklandet* (NOU 2025: 7) er det mange døme på at særleg populærmusikken står svakare stilt enn t.d. klassisk musikk og folkemusikk i kulturpolitikken. Dette kjem også klart fram i rapporten *Kakofoni og samklang. Gjennomgang av virkemiddelapparatet på musikkfeltet* (Berge et al., 2025), som var eit av grunnlagsdokumenta til NOU-en. Det er truleg ikkje

ein særleg dristig spådom at heile det kulturpolitiske verkemiddel- og tiltaksapparatet i Noreg framover i større grad enn i dag må ta inn over seg at også andre sjanrar enn klassisk musikk, jazz og folkemusikk er avhengig av støtte og tiltak for å bløme.

Når vi har gjennomført arbeidet med denne evalueringa, har det vore med desse kultur- og distriktspolitiske samanhengane som bakteppe. Før vi går inn i det empiriske materialet, greier vi ut om kva materialet vårt består av og korleis vi har gått fram for å hente det inn.

1.4 Data og metodar

Vi har nytta oss av eit tredelt metodisk opplegg og fleire ulike datakjelder i arbeidet med evalueringa, basert på velprøvde samfunnsvitskaplege metodar og strategiar:

- 1) Gjennomgang av skriftleg dokumentasjon om ordninga
- 2) Ei spørjeundersøking distribuert via e-post
- 3) Kvalitative intervju

I tillegg har vi nytta data frå Norsk kulturindeks,⁸ som er eit produkt utvikla av Telemarksforsking.

1.4.1 Dokumentgjennomgang

For å få innsikt i intensjonane med ordninga, korleis ordninga er og har vore innretta, omfanget og utviklinga av ordninga, har vi gjennomgått ei rekkje offentlege dokument. Å innhente informasjon om den historiske utviklinga av ordninga i detalj har ikkje vore eit mål i seg sjølv – vi har prioritert å skaffe oversikt over korleis ordninga er innretta og fungerer i dag. Samstundes, for å forstå kvifor ordninga er som den er i dag, har det vore naudsynt å bruke noko ressursar på historiske dokument for å skaffe innsikt i kva som var tanken bak ordninga då den vart etablert og korleis den har vore utvikla og utvida i åra etter. Av den store mengda med dokument som vi har fått tilgang til, har dokumenta i Tabell 1 vore dei mest sentrale.

Tabell 1. Oversyn over sentrale dokument i vår gjennomgang.

Dokument
Profesjonell fylkesmusikargruppe i Sogn og Fjordane, Innstilling frå nemnda av 31.7.1979. Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Frå regionmusikerordning til distriktsmusikerordning. Utredning om regionmusikerordningen. Norske Kommuners Sentralforbund og Rikskonsertene. Oslo, april 1985.
Samla plan for musikklivet i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskommune, mars 1987.
Referat frå konferanse om distriktsmusikarordning i Sunnhordland, 28.04.1986, Grand hotel, Stord.

⁸ <https://kulturindeks.no/>

Distriktsmusikarordning for Sunnhordland. Innstilling frå nemnda som skal planleggja og få i gang Distriktsmusikarordning for Sunnhordlandsregionen. 1987.
Distriktsmusikarordninga for folkemusikk. Eit notat av konservator Ågot Gammersvik. Hardanger folkemuseum.
Musikkplan for Hordaland. Distriktsmusikkgruppe i folkemusikk. Brev frå Ullensvang herad til Hardangerrådet, 10.11.1989.
Musikkplan for Hordaland. Distriktsmusikkgruppe i folkemusikk. Brev frå Hardangerrådet til Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidsavtale mellom Rikskonsertane og Hordaland fylkeskommune, 23.05.1990.
Sak. Nr. 19/4356-2. Saksframlegg, Samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga. Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2019.
Samarbeidsavtale med Førde, Lærdal, Gloppen og Leikanger kommunar (vedlegg til politisk sak frå 2019).
Sak nr. 29. Vidareføring og organisering av folkemusikkgruppa i Sogn og Fjordane, fylkestinget oktober 1992.
Evalueringsrapport folkemusikarordninga, Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2010.
Saknr. 2020/42918-1. Saksframlegg. 17.03.2020. Musikarordningane i Vestland, oppstart utgreiingsarbeid. Vestland fylkeskommune.
Vidareutvikling av musikarordningane i Vestland, utgreiing. Vestland fylkeskommune, 01.10.2020.
Innspel til Vestland fylkeskommune frå ulike aktørar i samband med vidareutvikling av musikarordningane i 2020.
Utviding av distriktsmusikarordninga i Vestland, notat frå Hovudutval for kultur, idrett og inkludering til Avdelingsdirektør kultur og folkehelse, saksnr. 2022/2891-14, datert 07.01.2024.
Utviding av distriktsmusikarordninga – oppfylging og finansiering. Saksframlegg, saksnr. 2020/42918-7. Kultur, idrett og inkludering. Vestland fylkeskommune.
Retningslinjer for bruk av fylkeskvoten i Vestland fylke, vedteke av Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII), sak 130/2020 Vidareutvikling av musikarordningane i Vestland.
Samarbeidsavtale om Distriktsmusikarordninga 2019–2024. Samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og vertskommunen.
Kartlegging av interesse for oppretting av distriktsmusikarstillingar i Vestland. Brev frå Vestland fylkeskommune til kommunane i tidlegare Hordaland fylke. Kultur, idrett og inkludering. 25.03.2021.
Kartlegging av interesse for oppretting av distriktsmusikarstillingar i Vestland fylke. Brev frå Vestland fylkeskommune til Osterøy kommune, Austrheim kommune, Kvam kommune, Askøy kommune, Øygarden kommune, Voss herad, Alver kommune, Bjørnafjorden kommune og Ullensvang kommune. Avdeling for Kultur, idrett og inkludering. 15.03.2022.
Utviding av distriktsmusikarordninga i Vestland – status. Vestland fylkeskommune. Notat frå Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering til Hovudutval for kultur, idrett og integrering. 11.05.2022.
Framlegg til samarbeidsavtale med Ullensvang kommune og Voss herad, 2022.
Samarbeidsavtale med Alver kommune, 2024.
Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023–2035. Vestland fylkeskommune.

I tillegg har vi nytta nettsidene til Vestland fylkeskommune og kommunar som er vertskap for distriktsmusikarordninga, og kvantitative data vi har fått direkte frå fylkeskommunen (om bruken av fylkeskvoten) og frå vertskommunane (om deira sal av musikartenester).

1.4.2 Spørjeundersøking

Spørjeundersøkingar, som i dag nesten utan unntak er digitale, er ein effektiv metode for å samle store mengder kvantitative og kvalitative data (Jacobsen, 2022). Ei nettbasert spørjeundersøking vart i slutten av april 2025 sendt ut til målgruppa for ordninga, det vil seie representantar for:


- Frivillig musikkliv (kor, korps, spelemannslag, orkester, e.l.)
- Profesjonelt musikkliv (konsertarrangørar, festival, kulturhus e.l.)
- Kommunale einingar med ansvar for kultur
- Kommunale einingar med anna ansvar enn kultur
- Den norske kyrkja (kantorar, kyrkjemusikarar e.l.)
- Skulen (barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, kulturskular, folkehøgskular e.l.)
- Andre institusjonar eller einingar

Føremålet med spørjeundersøkinga var å undersøkje om distriktsmusikarordninga kjem heile fylket til gode i samsvar med intensjonen ved etableringa av ordninga. Spørsmåla var difor uforma for å hente inn respondentane sine meiningar om og vurderingar av dei regionale effektane, og undersøke korleis musikklivet i kommunane opplever ordninga og gjer seg nytte av den. Ei røynsle med slike spørjeundersøkingar er at mange byrjar å gå lei, det ein kan kalle respondent-fatigue (Lavrakas, 2008). Særleg veit vi at leiarar i det kommunale apparatet mottok mange slike undersøkingar. Vi la difor vinn på å gjere denne undersøkinga så kort som råd, og marknadsførte den med at det ikkje ville ta særleg meir enn ti minuttar å svare på den.

For å kunne analysere kva informantar frå dei ulike undergruppene i målgruppa som svara, innleidde undersøkinga med eit spørsmål om kva gruppe respondenten kjende seg heime i og om dei høyrde heime i ein av ordninga sine vertskommunar. Deretter fylgde ni spørsmål om ordninga der respondenten skulle svare med utgangspunkt i ein skala frå 1 til 5. Her representerte talverdiane følgjande vurdering: 1 *særst lite relevant/god*, 2 *lite relevant/god*, 3 *korkei relevant/god eller ikkje*, 4 *relevant/god*, og 5 *særst relevant/god*. I tillegg kunne respondenten velje kategorien *Usikker, veit ikkje, ikkje relevant*. Spørsmåla tok både for seg ordninga som heile og distriktsmusikarane si rolle. I spørsmål rundt ordninga som heile spurde vi m.a. om ordningas nytte i rekruttering og talentutvikling innan musikklivet lokalt og om marknadsføringa av ordninga. I spørsmåla knytt til distriktsmusikarane, spurde vi m.a. om ulike sider ved distriktsmusikarane sin kompetanse, evne til å engasjere det frivillige musikklivet, evne til å realisere prosjekt lokalt, evne til å sikre innbyggjarane i den aktuelle kommunen tilgang til eit mangfaldig musikktilbod med høg kvalitet, og til sist, evne til å styrke musikklivet i respondenten sin heimkommune. Vi spurde også om respondenten meinte å nyttegjere seg ordninga, samt heilt til slutt kor viktig respondenten meiner distriktsmusikarordninga er. Dersom respondentane ynskte å utdjupe eit eller fleire av svara sine, var det mogleg i form av ein tekstboks for fritext. Her kom det inn svar/kommentar(ar) frå til saman 21 respondentar.

Undersøkinga vart utforma i det nettbaserte spørjeundersøkingssverktøyet SurveyXact, og sendt på e-post til 145 respondentar – undersøkinga sitt utval. Sidan undersøkinga vart distribuert digitalt var vi avhengige av gyldige e-postadresser til alle inviterte. Desse vart skaffa ved eit strategisk søk på nettet, og fylgt opp med snøballmetoden. Vi starta med å hente inn e-postadresser til alle kommunane i Vestland. Her bad vi alle postmottak å sende undersøkinga vidare til kommunal etatsleiar med ansvar for musikk. Deretter søkte vi etter friviljug musikkliv i alle Vestlandskommunane, med mål om å finne e-postadresse til minst eitt lag/organisasjon frå kvar kommune. Vi valde på liknande vis ut ein representant for skuleverket frå kvar kommune, dvs. frå anten ein barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, kulturskule eller folkehøgskule. I tillegg til dette sende vi ut førespurnad til Den norske kyrkja i Vestland og bad om e-postadresser til kantorar og kyrkjemusikarar. Dei formidla ynsket vidare til sine kontaktar, med beskjed om å ta kontakt med oss om dei ynskte å delta. Til slutt etterspurde vi e-postadresser frå ei rad interesse- og paraplyorganisasjonar, som musikkråd, regionsledd i korps-, kor-, jazz- og folkemusikkørsla samt organisasjonen Klassisk (tidlegare Musikkens vener). Slik sikra vi mange e-postadresser til lokallag og organisasjonar innan desse sjangrane. Heilt til slutt supplerte vi med representantar for ei rad meir eller mindre profesjonelle aktørar og institusjonar, som festivalar, orkester og ein distriktsopera.

I starten av juni, etter fire purringar, stengde vi spørjeundersøkinga. Da hadde til saman **58 respondentar** svara. Figur 1 viser korleis respondentane fordelte seg på dei ulike målgruppene for undersøkinga, som vi viser til over.



Figur 1. Kva målgruppe respondentane representerer. N = 58.

58 respondentar gjev ein **svarprosent på 38**. 21 av dei 58, dvs. om lag ein tredjedel, valde å utdjupe eit eller fleire svar i det opne svarfeltet. Kor bra eller dårleg er ein svarprosent på 38? I seg sjølv er dette resultatet relativt godt, særleg sett i lys av den tidlegare omtalte respondent-fatigue-effekten. Sidan ein god svarprosent er nært knytt opp mot idealet om representativitet, det at eit datamateriale på ein svært treffande måte representerer ein populasjon eller eit utval, er det kanskje likevel vel så interessant å sjå på i kor stor

grad respondentane som har svara, representerer målgruppene i prosjektet på ein god måte, eller om dette er skeivt på noko vis. Med 58 respondentar totalt, vil det vere relativt få respondentar i enkelte av gruppene. Medan t.d. heile 25 respondentar høyrer til ei kommunal eining, er det berre tre respondentar som er kantor eller kyrkjemusikarar. For denne siste gruppa vil det gje lite mening å tolke svar som representative for denne yrkesgruppa. Samstundes veit vi med dette at vi har respondentar som målber meiningar frå alle gruppene. Samla sett vil svara difor truleg kunne gje eit ganske godt bilete av heile populasjonen. Det er likevel viktig å ta atterhald i analysane, særleg der mange respondentar t.d. vel å nytte svarkategorien «veit ikkje».

Eit spørsmål står sentralt i undersøkinga: Har distriktsmusikarordninga regionale effektar? Dette impliserer at ordninga er relevant også utanfor ordninga sine vertskommunar. Det er verdt å merke seg at heile 34 respondentar svarar at dei ikkje bur i ein vertskommune. 13 respondentar bur i ein vertskommune. Vi har dermed mange svar frå respondentar som direkte kan vurdere ordninga sine regionale effektar, noko som er bra. Det er elles verdt å merkje seg at 11 respondentar ikkje veit eller er usikre på om dei bur i ein vertskommune for ordninga.

Mot slutten av spørjeundersøkinga fekk respondentane spørsmål om dei kunne tenkje seg å stille opp i eit gruppeintervju med forskarane som står bak evalueringa. Til saman 19 respondentar var positive til eit slikt oppfølgingsintervju, og av desse valde vi ut 8 informantar som vi fordelte på to gruppeintervju. Fire av dei 8 svara ikkje på vår oppfølging, og vi gjennomførte dermed intervju med fire informantar frå lokalt musikkliv, fordelt på to intervju. I utvalet som heile la vi vekt på geografisk spreining, og vi la også vinn på å rekruttere informantar frå det frivillige musikklivet i Vestland.

1.4.3 Kvalitative gruppe- og enkeltintervju

Kvalitative intervju vart gjennomført med tre aktørgrupper: a) eit utval av respondentane frå spørjeundersøkinga, b) representantar for dei som forvaltar ordninga, dvs. Vestland fylkeskommune og dei fem vertskommunane i ordninga, og c) eit utval av dei tilsette i ordninga. Tabell 2 gjev eit oversyn over informantane som er intervjuja.

Tabell 2. Oversikt over informantar.

Intervju	Informant	Målgruppe
1	1	Vestland fylkeskommune
2	2	Musikar tilsett i ordninga
	3	Musikar tilsett i ordninga
	4	Musikar tilsett i ordninga
	5	Musikar tilsett i ordninga
	6	Musikar tilsett i ordninga
	7	Musikar tilsett i ordninga

3	8	Vertskommune
4	9	Vertskommune
	10	Vertskommune
	11	Vertskommune
	12	Vertskommune
	13	Vertskommune
5	14	Kommune som ikkje er vertskap for ordninga
	15	Kommune som ikkje er vertskap for ordninga
	16	Kommune som ikkje er vertskap for ordninga
	17	Kommune som ikkje er vertskap for ordninga
6	18	Representant frå musikklivet
	19	Representant frå musikklivet
7	20	Representant frå musikklivet
	21	Representant frå musikklivet

Det vart gjort til saman sju intervju med til saman 21 informantar. Fire av desse var gruppeintervju, medan eitt intervju vart gjort med ein einskild person. Intervjua vart gjennomført digitalt på Teams, og varte mellom 1 og 1 ½ time. Det vart gjort opptak av intervjua, og vi nytta oss av Universitetet i Oslo si autotranskripsjonsteneste Autotekst basert på Whisper frå OpenAI tilrettelagt for norsk av Nasjonalbiblioteket. Transkripsjonane vart kontrollert manuelt for å sikre god kvalitet, og deretter analysert tematisk ut frå evalueringsspørsmåla.

Vi brukte relativt mykje tid og ressursar i dette oppdraget på å rekruttere informantar, og var i kontakt med mange personar i regionen utover dei vi til slutt gjennomførte intervju med. Mange av dei vi var i kontakt med, ynskte ikkje å stille opp til intervju, og gav manglande kjennskap til distriktsmusikarordninga som grunn for dette valet. Mange fortalte i tillegg at dei ikkje har personleg erfaring med ordninga, sjølv i dei tilfella der dei arbeider i kommunale kulturadministrasjonar eller er aktive i lokalt musikkliv. Dette gjeld i størst grad personar som held til i dei sørlege delane av regionen eller i kommunar med ei viss geografisk avstand til vertskommunane for ordninga. Nokre av dei informantane som takka nei til intervju har ringt oss eller sendt oss e-post eller SMS med eit meir utfyllande svar om at dei ikkje veit noko om dette, eventuelt at dei har høyrte at ordninga finst, men at dei ikkje har innsikt i eller erfaring med den. Innhaldet i desse samtale og meldingane samt problema med å få rekrutterte informantar ser vi som eit empirisk funn som byggjer opp under og stadfester det vi elles finn i materialet vårt: at kjennskapen til og bruken av ordninga varierer mykje innanfor regionen. Dette kjem vi tilbake til i kapittel 3.6.

Alt i alt, meiner vi likevel at intervjua og spørjeundersøkinga til saman representerer eit rikt materiale der mange ulike erfaringar og synspunkt frå ei rekkje ulike posisjonar kjem fram, og er eit godt empirisk grunnlag for analysen.

1.4.4 Personvern

I samband med gjennomføring av spørjeundersøking og intervju, vart det utarbeidd skriftleg informasjon om evalueringsoppdraget retta mot respondentar og informantar, som grunnlag for samtykke til å delta. I rapporten er alle respondentar og informantar anonymiserte. For å gjere synleg i kva grad vi har nytta heile breidda av informantar og datamateriale, har vi som regel lagt til informantnummer ved bruk av direkte sitat (t.d. Inf. 5, Inf. 7 osv.). I nokre tilfelle er det vanskeleg å sikre informanten full anonymitet. Då har vi fått godkjenning frå informanten til å likevel nytte sitatet, men utan å skrive kven dette er. I slike tilfelle har vi ikkje tatt med informantnummer, for å unngå at desse kan identifiserast andre stader i rapporten.

Prosjektet er rutinemessig meldt inn til *Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør*, og fylgjer krava i personvernregelverket om forsvarleg handsaming av persondata og forskningsetiske standardar.

1.5 Oppbygging av rapporten

I neste kapittel, kapittel 2, greier vi ut om korleis distriktsmusikarordninga er innretta i dag, gjev eit oversyn over vertskommunar og kva instrument og sjangrar distriktsmusikarane i kvar av vertskommunane har som arbeidsfelt. I kapittelet skildrar vi arbeidskvardagen til distriktsmusikarane og kva roller dei har, og vi gjev òg eit oversyn over bruken av distriktsmusikarordninga, inkludert fylkeskvoten, slik vi kan lese ut av kvantitative kjelder. Kapittel 3 omhandlar korleis musikklivet i kommunane opplever ordninga, og korleis dei gjer seg nytte av den, jf. problemstilling a. Kapittel 4 tek for seg dei regionale effektane av ordninga, jf. problemstilling b. I siste kapittel, kapittel 5, kjem vi med vår konklusjon, før vi avsluttar med seks tilrådingar frå Telemarksforskning.

2. Distriktsmusikarordninga i dag

I dette kapitelet gjer vi greie for korleis ordninga vert kommunisert og organisert i dag, og vi undersøker korleis musikartenestene som inngår i utøvardelen av stillingane vert nytta og av kven. Vi ser her fyrst på kva målsetjinga med ordninga er, korleis den er innretta, kva for kommunar som er vertskommunar, korleis distriktsmusikarstillingane er fordelt i regionen og kva samansetjing musikargruppene har i kvar av kommunane med omsyn til instrument og sjanger. Dernest går vi inn i bruken av musikartenestene. Vi baserer desse utgreiingane på politiske dokument frå fylkeskommunen og datagrunnlag tilgjengeleggjort frå vertskommunane. Vi har også med eit delkapittel om korleis musikarane sjølve ser sin arbeidskvardag og sine roller. Her utgjer intervju med eit utval av musikarane datagrunnlaget.

2.1 Mål og organisering

I arbeidet med denne evalueringa møtte vi tidleg på ei utfordring, nemleg å finne tydelege og konkrete målformuleringar for distriktsmusikarordninga. Målsetjinga med ordninga er formulert på litt ulike måtar i ulike dokument. Ifylgje samarbeidsavtalene mellom fylkeskommunen og vertskommunane er målet å sikre tilgang til profesjonelle musikkrefter i alle delar av fylket. Dette forstår vi som eit overordna mål for ordninga, som seier lite om kva ein ynskjer å oppnå meir konkret. I dokumentet *Vidareutvikling av musikarordningane i Vestland* frå 2020, er det formulert eit mål for vidareutvikling av distriktsmusikarordninga: «Målet med ei vidareutvikling er å leggje til rette for eit profesjonelt og variert musikktilbod av høg kvalitet og til ulike målgrupper i heile fylket».⁹ Denne formuleringa er noko meir utfyllande, men ikkje særleg konkret. Kva meiner ein til dømes her med «variert»? Og kva målgrupper er det tale om?

Ordninga er elles forankra i *Regional plan for kultur 2023–2035*, der vi kan lese:

Distriktsmusikarordninga, eit samarbeid mellom kommune og fylkeskommune, er ein reiskap for å støtte opp under musikklivet i distriktskommunar med liten tilgang på profesjonelle musikarar. Bruk av frilansmusikarar og distriktsmusikarar skal utfylle kvarandre slik at regionale produksjonsmiljø får utvida kapasitet og gjennomføringskraft. Ordninga har m.a. ført til fleire nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Dette styrker bevaring, utvikling og formidling av folkemusikken. (Regional plan for kultur, s. 37–38)

Formuleringane i dette plandokumentet er noko meir konkret gjennom å peike på at det skal skje ein samarbeid mellom distriktsmusikarar, frilansmusikarar og «regionale produksjonsmiljø», og at folkemusikken har ein viktig plass i ordninga. Like fullt, meir spesifikke målformuleringar manglar.

⁹ Vestland fylkeskommune, Vidareutvikling av musikarordningane i Vestland, utgreiing, 01.10.2021, s. 10.

Det finst altså ei stor mengd dokument om ordninga, men ingen overordna dokument som tek for seg mål og retningslinjer for ordninga, med unntak av retningslinjer som spesifikt gjeld den såkalla fylkeskvoten i ordninga:

Fylkeskvoteordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt og levande profesjonelt musikkliv. Ordninga skal medverke til å sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig musikktilbod med høg kvalitet, og medverke til gjennomføring av regionale prosjekt, t.d. gjennom samarbeid mellom profesjonelle og amatørar.¹⁰

I intervjuar vi har gjort har det kome tydeleg fram at informantar som står tett på ordninga, eller som har god kjennskap til ordninga, ser ut til å vere godt kjent med kva som er målet til ordninga, og kven som kan nytte seg av den. For andre informantar er det ikkje like tydeleg kva mål ein har med ordninga, kva funksjonar distriktsmusikarane skal ha, og kven som eigentleg er målgruppene for ordninga. At den regionale kjennskapen til ordninga ikkje ser ut til å vere så god, kjem vi tilbake til i kap. 3.6. For å sikre ei god kommunikasjon av ordninga, er det viktig at målsetjingane er tydelege og enkle å kommunisere.

Som vi såg innleiingsvis, strekker ordninga seg tilbake til 1980-tallet, men tre av dei seks vertskommunane i ordninga er nye. Ei utgreiing i 2020, som skulle sjå på korleis muskarordningane i Vestland kunne vidareutviklast, konkluderte med at det var ynskjeleg å utvide distriktsmuskarordninga til å omfatte dei sørlege delane av fylket. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtok difor å utvide ordninga med inntil tre stillingar.¹¹ Fylkeskommunen gjorde avtale om samarbeid med Voss herad og Ullensvang kommune om oppretting av to stillingar med tilsetjing frå august 2023. Den siste av dei tre stillingane vart oppretta i Alver kommune hausten 2024. Per i dag er det altså til saman 22 muskarstillingar i ordninga fordelt på dei seks vertskommunane Sunnfjord (8 stillingar), Gloppen (6), Sogndal (5), Ullensvang (1), Voss (1, delt på to muskarar) og Alver (1). Folkemusikk er arbeidsfelt for sju av dei 22 stillingane, fordelt på seks av vertskommunane. Kvar stilling kombinerer ein utøvardel (50 prosent) og ein undervisningsdel (50 prosent). I samarbeidsavtalane med vertskommunane er det nedfelt at kommunane finansierer 75 prosent av kvar stilling, mens fylkeskommunen finansierer 25 prosent, som dekkjer halve utøvardelen.

Som gjenyting for det fylkeskommunale tilskotet til ordninga stiller vertskommunane muskarressursar til disposisjon for fylkeskommunen. Denne delen av avtalen vert kalla *fylkeskvoten*, og omfattar 10 dagar per semester per muskar. Gjennom fylkeskvoten kan lokale arrangørar, lag, organisasjonar og institusjonar søkje om å få bruke distriktsmuskarar inn i regionale musikkprosjekt innan ulike sjangrar, til dømes opera, klassisk/symfonisk musikk, scenekunst, kyrkjemusikk, folkemusikk eller andre sjangrar som er relevante for distriktsmuskarane. Fylkeskvoten skal nyttast til konsertar, oppsetjingar, prosjekt og musikktiltak av *regional verdi*. For at noko skal vurderast som prosjekt med regional verdi, må følgjande vilkår vere oppfylt:

- 1) Prosjektet må omfatte fleire kommunar og/eller verte gjennomført i minst to kommunar i Vestland. I tilfelle der prosjektet er for omfattande til å kunne flyttast frå ein stad til ein annan, kan det siste vilkåret

¹⁰ Jf. Retningslinjer for fylkeskvoten, s. 1, <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/kulturformidling/retningslinjer-for-fylkeskvoten-2022.pdf>

¹¹ Utviding av distriktsmuskarordninga i Vestland, notat frå Hovudutval for kultur, idrett og inkludering til Avdelingsdirektør kultur og folkehelse, saksnr. 2022/2891-14, datert 07.01.2024.

fråvikast. 2) Prosjektet må ha ein regional funksjon med omsyn til omfang, og det må halde høgt fagleg nivå og kvalitet.¹²

Frå 2021 vart fylkeskvoten gjort tilgjengeleg for heile Vestland. Fylkeskommunen dekkjer honoraret til musikartenestene som vert dekt gjennom kvoten, medan arrangørane dekker kostnader til reise, opphald og diett for muskarane, anten direkte eller etter faktura frå vertskommunen. Ordninga med fylkeskvote skal ikkje konkurrere med frilansmarknaden. I retningslinjene for fylkeskvoten står det at «Ordninga skal kunne nyttast slik at bruken av distriktsmusikarar og frilansmusikarar utfyller kvarandre»¹³.

Søknad om fylkeskvote vert sendt til fylkeskommunen, og det er søknadsfrist to gonger i året (oktober og april). Søkjarane vert oppfordra til å kontakte distriktsmusikarane eller kulturskulen dei er knytt til på førehand og spørje om det er aktuelt for dei å medverke i prosjektet. Fylkeskommunen har ikkje arbeidsgjevaransvaret for muskarane, og kan såleis ikkje pålegge muskarane arbeidsoppgåver dersom det ikkje høver for muskarane. Fylkeskommunen handsamar søknadane i samarbeid med vertskommunane. Mottakarane av fylkeskvote må sende kort rapport til fylkeskommunen etter at prosjektet er avslutta.¹⁴

2.2 Vertskommunar og distriktsmusikarar

Tabell 3 gjev eit oversyn over dei seks vertskommunane, kor mange muskarar som er tilsett i kvar av dei samt deira hovudinstrument. Merk at muskarstillinga i Voss kommune for tida er delt i to halve stillingar, og at stillinga i Ullensvang kommune for tida er på 40 prosent.

Tabell 3. Oversikt over vertskommunar, talet på muskarar i kvar vertskommune og hovudinstrument. Kjelde: Vestland fylkeskommune, april 2025.

Vertskommune	Tal på muskarar	Hovudinstrument
Sunnfjord kommune	8 muskarar (1 i permisjon)	piano
		trompet
		fløyte
		fiolin
		gitar
		song
		fele/hardingfele
		trekkspel

¹² Retningsliner for bruk av fylkeskvoten i Vestland fylke, vedteke av Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII), sak 130/2020 Vidareutvikling av muskarordningane i Vestland.

¹³ Retningsliner for bruk av fylkeskvoten i Vestland fylke, vedteke av Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII), sak 130/2020 Vidareutvikling av muskarordningane i Vestland.

¹⁴ Retningsliner for bruk av fylkeskvoten i Vestland fylke, vedteke av Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII), sak 130/2020 Vidareutvikling av muskarordningane i Vestland.

Gloppen kommune	6 musikarar	cello
		slagverk
		piano
		fiolin/trompet
		song
		folkesong
Sogndal kommune	5 musikarar	song
		cello
		basstrombone
		hardingfele
		piano
Voss kommune	2 musikarar i 50 prosent stilling	hardingfele
		durspel
Ullensvang	1 musikar i redusert stilling	hardingfele
Alver	1 musikar	trompet

Etter utviding av ordninga med nye vertskommunar og musikarstillingar, er fleire delar av regionen dekt opp. Likevel har ordninga framleis ei tyngdepunkt i den nordlege delen av fylket. I kommunane som har kome med i ordninga i det siste er det dessutan berre éi musikarstilling (evt. to delte stillingar), som mellom anna inneber lågare kapasitet og smalare sjangerbreidde enn i kommunane med større grupper av musikarar.

2.3 Distriktsmusikarane – arbeidskvardag og roller

Med nokre unntak er distriktsmusikarane fast tilsett i ein vertskommune i heile, kombinerte stillingar med 50 prosent undervisning og 50 prosent utøving.¹⁵ Undervisningsdelen er knytt til kulturskulane i vertskommunane. I utøvardelen av stillingane kan musikarane leigast ut til eksterne kundar i vertskommunen eller i andre kommunar i fylket. I utøvardelen inngår også fylkeskvoten.

I intervju med distriktsmusikarar kjem det fram at arbeidskvardagen deira er prega av stor variasjon. Dei har relativt stor fridom til å forme arbeidet sitt sjølv, og dei legg opp arbeidskvardagen sin på ulike måtar. Fleire er mykje involvert både i orkestermusikk, kammermusikk og solomusikk. Nokre arbeider mest innan éin sjanger, til dømes folkemusikk, andre arbeider meir på tvers av sjangrar. I utøvardelen er mange involvert i små og store prosjekt for ulike typar kundar, som orkester, kor eller korps. Dei spelar skulekonsertar, i barnehagar og på sjukeheimar. Dei leigast ut enkeltvis som musikarar i gravferder, bryllaup og 50-

¹⁵ Musikarstillinga i Voss kommune er for tida delt i to halve stillingar, medan stillinga i Ullensvang kommune for tida er på 40 prosent.

årslag, til opningar og jubileumsarrangement. Kundane spanner breitt, frå Opera Nordfjord til lokale organisasjonar og verksemdar. Nokre av musikarane jobbar mest med profesjonelle aktørar, andre brukar hovudvekta av utøvardelen sin til å jobbe med frivillige aktørar, og atter andre jobbar mest med prosjekt dei har sett i gong sjølv, samstundes som dette kan variere i ulike periodar. Nokre prosjekt involverer både profesjonelle og frivillige aktørar. Musikarane står og bak eigne produksjonar saman med andre distriktsmusikarar, til dømes kammermusikk i duo eller trio. Nokre oppdrag kjem på kort varsel, andre oppdrag er meir eller mindre faste og gjentek seg med jamne mellomrom. Nokre musikarar har ein relativt fast struktur på arbeidsveka, med undervisning samla på til dømes tre faste vekedagar, medan dei to andre vekedagane er dedikert til utøving, anten øvingstid eller produksjonstid. Samtidig er det nausynt med ein viss fleksibilitet, fordi oppdraga gjerne er lagt til helger eller kveldstid, og fordi prosjekt ofte kjem som intensive arbeidsbolkar. Arbeidskvardagen varierer frå musikal til musikal avhengig av sjanger og kva kundekrins dei har opparbeidd seg, men og med årstid. Somme tider vert det ein del reising ut av vertskommunen, men også dette varierer noko mellom musikarane.

Det er ingen tvil om at musikarane skal fylle mange og ulike roller. Gjennom undervisning og samarbeid med profesjonelle og amatørar, skal dei styrke musikklivet. I dette ligg det mange ulike oppgåver. Ein distriktsmusikal fortalde at musikarane kjem inn og på den eine sida skaper aktivitet, liv og røre, og på den andre sida driv kvalitetssikring av produksjonar både i lokalt musikkliv og andre stader i regionen: «I møte med amatørar, som eg jobbar ein heil del med, vert eg leigd inn for å gje det eit ekstra løft» (Inf. 2). Musikaren fortel at dette ofte i praksis inneber å ta ei rolle som støttande pedagog, sjølv om ei slik rolle ikkje alltid ligg i speleoppdraget i utgangspunktet: «Nesten spontant byrje å undervise og drive litt seminarverksemd. Eg vert ofte spurt om å ta ei gruppeprøve med amatørar» (Inf. 2). Musikaren fortel og om oppdrag der ein må kaste seg rundt og spontant ta jobben som dirigent, sjølv om det ikkje har vore planlagt. Ein må rett og slett ta i bruk alle verktøy ein har i verktøykassa si som godt utdanna og erfaren musikal, fortel denne informanten.

At distriktsmusikarane jobbar med eit breitt spekter av profesjonelle og frivillige, vaksne og unge, krev svært fleksible musikarar med allsidig kompetanse, fortel distriktsmusikarane i intervju. Det gjeld å vere omstillingsdyktig. Ein distriktsmusikal må også vere villig til å bevege seg utanfor komfortsona si og ta utfordringar som ligg utanfor kjernekompetansen:

Eit døme som har gjort meg meir allsidig i jobben, er i høgste grad skulekonsertar, konsertar for barn og ungdom. Det er ein krevjande sport, og der må ein ta i bruk mange av sine biinstrument. Og rett og slett gå litt utanfor komfortsona og gjere ting ein ikkje er kjempegod på [...]. Der skal ein ikkje bruke sin spisskompetanse innanfor klassisk musikk. Ein er nøydd til å spele litt pop eller litt rock eller andre sjangrar. Og da må ein rett og slett tørre å gå litt utanfor komfortsona si, og levere eit godt produkt der òg, i ein sjanger der ein kanskje ikkje har spisskompetanse. Noko av det beste med jobben, synest eg, er at ein er nøydd til å spele litt fleire sjangrar innanfor faget musikk, enn ein kanskje har lært då ein studerte på høgskule (Inf. 2)

Sjølv om distriktsmusikarane har ei rolle i å bidra til å lyfte kvaliteten på musikkproduksjonar i regionen, er den allsidige og fleksible kompetansen vel så viktig som den sjangerspesifikke spisskompetansen deira, som ein musikal gav uttrykk for:

Eg har jo og vorte heve ut i til dømes dirigering, som eg har hatt litt i studiet. Og det er klart, eg skulle gjerne vore endå betre på det, men eg tenkjer at [...] det er jo ikkje alltid at alt treng å vere perfekt, men at ein torer å hive seg ut i utfordringar og å vere fleksibel, da, det trur eg er veldig viktig i denne jobben (Inf. 3).

Nokre av musikarane jobbar noko mindre breitt med omsyn til type aktørar og sjangrar. Til dømes nokre av folkemusikarane i ordninga jobbar innanfor eit noko smalare spekter. Dette har også samband med kor lenge ein har vore i stillinga, og kor etablert og kjent ordninga er lokalt – vårt inntrykk er at musikarar i vertskommunar som nett har kome med i ordninga, er involvert i noko færre samarbeidskonstellasjonar enn dei som er godt etablert. Her har vi vel og merke ikkje gjort systematiske undersøkingar.


2.4 Bruken av distriktsmusikarordninga

Vi har undersøkt kven som brukar distriktsmusikarane og i kva grad ordninga vert utnytta. Her ser vi fyrst på bruken av fylkeskvoten, basert på statistikk tilgjengeleggjort frå Vestland fylkeskommune. Deretter omtalar vi vertskommunane sine sal av distriktsmusikartenester, det vil seie oppdraga som musikarane tek på seg i utøvardelen utanom fylkeskvotedagane. Her kjem datagrunnlaget frå vertskommunane.

2.4.1 Bruken av fylkeskvoten

Fylkeskvoten er den delen av distriktsmusikarordninga som fylket finansierer og administrerer, sjå omtale i kap. 2.1. Den er organisert på den måten at ordninga har eit visst tal musikardagsverk som aktørar i heile Vestland, også utanfor vertskommunane, kan søke om. Dei som får tilslag på kvoten, får nytte musikarane utan å måtte betale anna enn reise, diett og opphaldsutgifter. Per 2025 er dette talet 10 dagar per semester per musikal. I tida frå 2013 til i dag, har det totale talet på tilgjengelege musikardagsverk auka frå 300 til 460, som resultat av at ordninga er utvida med fleire musikarar.

To viktige spørsmål knytt til fylkeskvoten er kva for aktørar i det lokale musikklivet som nyttar tilbodet, og i kva omfang. I Figur 2 er bruken vist i form av eit stolpediagram. Åra med pandemi (2020 og 2021) er teke ut. Den blå søyla syner maksimal kvote. Neste stolpe, som er vist i oransje, syner talet på musikardagsverk søkt det gjeldande året. Den grøne søyla syner talet på musikardagsverk som faktisk vart tildelt.




Figur 2. Søknadar og tildelingar av fylkeskvoten i distriktsmusikarordninga. Kjelde: Vestland fylkeskommune.

Som ein ser av figuren, ligg tildelte musikardagsverk gjennomgåande godt under potensialet for ordninga. Berre eitt år, i 2016, var det fleire søknadar til ordninga enn tilgjengeleg kvote. Alle dei andre åra var det færre søknadar til ordninga enn tilgjengelege musikardagsverk. Dette kan det vere fleire grunnar til, men med tanke på resultata frå spørjeundersøkinga vi har gjennomført, og som vi kjem attende til, er det nærliggjande å knyte underbruken til manglande marknadsføring av tilbodet. Ein annan grunn kan vere at kriteriet om at eit prosjekt må ha ein regional dimensjon for å kunne få tildelt muskarressursar frå fylkeskvoten, er eit hinder – slik ein informant frå kulturadministrasjon i ein kommune som ikkje er vertskommune meinte.

Vi ser og at det gjennomgåande er tildelt færre dagsverk enn kva det vart søkt på. Også dette kan det vere fleire grunnar til, m.a. at søknadane vart vurdert som ikkje gode nok, eller at dei ikkje møtte kriteriet om å ha ein regional dimensjon. Ein annan mogleg grunn kan vere kollisjon i tid mellom oppdrag det vart søkt om muskarressursar til over fylkeskvoten, der ressursane gjeikk til éin aktør og ikkje den andre.

Tala over vert lettare å lese i prosent. Figur 3 viser tildelinga av fylkeskvoten frå 2012 til 2024. Også her har vi tatt bort pandemiåra 2020 og 2021. Dei blå stolpane viser kva prosent av den totale fylkeskvoten alle søknadene utgjorde i det gjeldande året. Dei oransje stolpane viser kor mange prosent av søknadane om fylkeskvotetildelingar som vart innvilga.



Figur 3. Tildelingsprosent, søknadar til og tildelingar frå fylkeskvoten. Kjelde: Vestland fylkeskommune.

Som ein ser av Figur 3, ligg tildelingsprosenten av full kvote stort sett mellom 50 og 75 prosent. Eit unntak er 2018 då berre 33 prosent av kvota vart tildelt. Gjennomsnittet for heile perioden frå 2012 til 2024 er 61 prosent.¹⁶ Ein annan måte å seie dette på er at berre 61 prosent av fylkeskvoten sitt potensial er nytta. Eit anna interessant funn er i kva grad søknadane til ordninga fører til tildeling. Sidan ordninga langt ifrå vert utnytta, kunne ein tenkje seg at fylket var rause med å tildele musikardagsverk til dei som søkte. Det er likevel ikkje tilfelle. Som ein ser varierer tilslagsprosenten stort sett mellom 50 og 90 prosent av det totale talet dagsverk det vart søkt på. Også her er 2018 eit unntaksår, der tilslagsprosenten berre var 34 prosent av tilgjengelege dagsverk i ordninga. I andre halvdel av 2018 kom det inn 179 søknadar til 150 tilgjengelege musikardagsverk; av desse vart det berre tildelt 11 dagsverk. Sjølv om dette er uvanleg lågt, er det verdt å merke seg at det i perioden gjennomgåande er slik at det vart tildelt færre musikardagsverk enn det vart søkt om, trass i at det stort sett ikkje vart søkt om dei dagsverka som var tilgjengelege.

Som vi ser av Tabell 4 har det i perioden 2012 til 2025 vorte tildelt musikardagsverk frå fylkeskvoten til 121 musikkprosjekt i regi av kommunale, profesjonelle og frivillige aktørar i 15 kommunar. Tabellen syner kven desse aktørane er og kva kommunar som har vore involvert.

Tabell 4. Brukarar av fylkeskvoten, 2012-2025, i tal prosjekt. Kjelde: Vestland fylkeskommune.


Brukarar av fylkeskvoten 2012-2025		
Namn	Kommune(ar)	Tal prosjekt
Opera Nordfjord	Nordfjord, Stad	27
Sogn og Fjordane symfoniorkester	Ikkje oppgitt	16
Gloppen Musikkfest	Gloppen	16
Gaularspelet	Gaular	10
Førde kammerkor	Sunnfjord	10
Sogn og Fjordane teater (teater Vestland)	Sunnfjord	8
Førdefestivalen	Sunnfjord	5
Sogn Musikkdagar	Sogndal, Luster	4

¹⁶ Heller ikkje her er pandemiåra 2020 og 2021 rekna med.

Sogndal songlag	Sogndal, Luster	3
Åmot Operagard	Gaular	3
Vereide kyrkjekor	Gloppen, Bremanger	3
Gaman (Stryn)	Stryn	2
Fossegrimen	Voss, Sogndal	2
Kor Førde	Førde	1
Førde kyrkjekor	Sunnfjord	1
Jølster musikklag	Sunnfjord	1
Norsk fløyteforum	Sunnfjord	1
Bremanger kammerkor	Bremanger	1
Kjøsdaalen musikklag	Stad	1
Ensemble Nordlys	Kinn, Bremanger	1
Opera Kysten	Kinn	1
Sogndal ballettskule	Sogndal	1
Jeremiasfestivalen	Gloppen	1
Ervingen	Bergen	1
UKM	Ikkje oppgitt	1
Sum regionale musikkprosjekt med fylkeskvote 2012-2025		121

Som ein vil sjå, er det nokre få aktørar som peikar seg ut som storbrukarar av ordninga med fylkeskvoten. Særleg gjeld dette Opera Nordfjord, Gloppen Musikkfest, Sogn og Fjordane symfoniorkester (Sofork), Gaularspelet og Førde kammerkor. Også Teater Vestland har nytta ordninga mange gonger. Dette er nokså store og profesjonelle institusjonar og festivalar. Det er også mange frivillige lag med i oversikten, men dei har i større grad berre nytta ordninga ein eller eit fåtal gonger. I perioden har det til saman vorte tildelt 2 756 musikardagsverk over fylkeskvoten, dvs. eit gjennomsnitt på nesten 23 musikardagsverk per prosjekt.

Figur 4 syner i kva for kommunar dei ulike prosjekta har funne stad, samt tal på prosjekt i dei ulike kommunane.



Figur 4. Tildelingar frå fylkeskvoten, 2012-2025, i tal prosjekt. Kjelde: Vestland fylkeskommune.

Som ein ser av figuren, har ulike aktørar i Stad kommune fått tildelt musikardagsverk til 28 prosjekt. Aktørar i Sunnfjord og Gloppen kjem så med 27 og 17 prosjekt. Prosjekt og aktørar som omfattar meir enn ein kommune har fått tildeling 27 gonger, men vi har ikkje data som syner om det er aktørar i einskilte kommunar som er meir aktive deltakarar enn i andre, eller korleis fordelinga er med omsyn til balanse mellom vertskommunar og andre kommunar. To prosjekt, *Soførk* og *UKM*, står ikkje oppført med kva kommunar som har vore involvert, kan hende fordi det er mange. Soførk har fått tildelt muskarressursar over fylkeskvoten heile 16 gonger (UKM berre ein), så her kan potensielt mange kommunar ha vore involvert. Trass i denne uvissa, tyder oversikta på at mange kommunar i Vestland aldri har fått tildelt musikardagsverk frå ordninga, korkje til kommunale prosjekt eller til prosjekt i regi av profesjonelle eller frivillige.

For å summere opp: Vi kan slå fast at fylkeskvoten er nokså dårleg utnytta, faktisk er utnyttingsgraden berre 61 prosent. I dei fleste søknadsåra sidan 2012 har det vorte søkt om færre musikardagsverk enn kva som har vore tilgjengeleg i fylkeskvota, og tildelte dagsverk har vore mindre enn det det har vore søkt om. Årsaker kan vere manglande kjennskap til ordninga og fylkeskvoten, at søknadane ikkje har møtt kriteria for tildeling (til dømes at prosjekta ikkje har regional verdi), at muskarane ikkje har rett kompetanse eller ledig kapasitet i timeplanen eller at prosjekta ein har søkt om fell saman i tid. I perioden 2012–2025 er det tildelt musikardagsverk frå fylkeskvoten til 121 musikkprosjekt i regi av kommunale, profesjonelle og frivillige aktørar i 15 kommunar. Nokre få aktørar er storbrukarar av fylkeskvoten. Data frå fylkeskommunen indikerer at ein del kommunar i denne perioden ikkje har aktørar som har fått tildelt dagsverk frå fylkeskvoten, men om det har vore søkarar frå desse kommunane er uvisst.

2.4.2 Sal av distriktsmusikartenester frå vertskommunane

Som del av å undersøke korleis musikklivet i kommunane nyttar ordninga, har vi sett på kva distriktsmusikarane arbeider med i utøvardelen av stillinga i og rundt vertskommunen – det vil seie kven som er brukarane av musikartenestene og kva desse oppdraga går ut på, også *utanom* dei oppdraga som er ein del av fylkeskvoten. Vi har ikkje uttømande data om dette, men har spurt vertskommunane om dei kan dele slik informasjon om dei har den. Vi har då berre bedt om data for 2024. Ut frå den informasjonen vi har fått, ser det for det fyrste ut til at det varierer mykje mellom kommunane kor systematisk og detaljert bruken av musikartenestene vert dokumentert. Det varierer også om ein kan lese ut av datagrunnlaget kva som er betalte tenester og kva som er del av fylkeskvoten. Datagrunnlaget er difor for tynt til at vi kan utarbeide ein kvantitativ oversikt. Kjeldene gir likevel ein kvalitativ peikepinn på kva kundar muskarane har, og kva for prosjekt eller oppgåver som inngår i utøvardelen.

Sunnfjord er kommunen med flest distriktsmusikarar. Muskarane i denne vertskommunen hadde i 2024 meir enn 25 konsertar og ei lang rekkje musikkinnslag i ulike samanhengar. I tillegg kom fleire oppdrag med akkompagnement, dansespeling, speling i samband med framsyningar, kurs og øvingar. Muskarane har òg vore orkesttermusikarar og muskarar i band. Oppdragsgjevarane representerer ei stor breidde; på

lista finst både kulturaktørar som Teater Vestland, Opera Nordfjord, Førdefestivalen, Musea i Sogn og Fjordane og ei rekkje andre aktørar, til dømes Høgskulen på Vestlandet, Stad og Sunnfjord kommunar, Vestland fylkeskommune og fylkestinget, og Statens vegvesen. Frivillige organisasjonar, som til dømes Sogn og Fjordane folkemusikklag, Folkeakademia i Førde og Svanøy, Etnisk musikklubb, Fjellklang spelemannslag, Førde historielag, fleire kor, Vadheim musikklag og Senioruniversitetet, var og blant oppdragsgjevarane. Distriktsmusikarane spelte elles på festivalar, i gravferder, i konfirmasjonar, i bryllaup, ved landslovjubileet, på statsborgarseremoni og på oppdrag for privatpersonar. Dei fleste oppdraga vart utført av éin eller to distriktsmusikarar, medan nokre få oppdrag omfatta 3-5 eller alle 8 musikarane.

Distriktsmusikarane i Gloppen er òg mange, og dei hadde ei rekkje ulike oppdragsgjevarar i 2024. Dei var med på oppsetjingar ved Opera Nordfjord, og dei spelte konsertar på festivalane Gloppen musikkfest, Sogn musikk dagar, Jeremiasfestivalen, Ose kammerspel og Førdefestivalen. Dei spelte og fleire enkeltståande konsertar, både kyrkjekonsertar, advents- og jolekonsertar, barnehagekonsertar, skulekonsert, og dei spelte med Ålesund symfoniorkester. Musikarane i Gloppen spelte også til gravferder og i bryllaup dette året, på institusjonar i regi av den lokale spaserstokken, på jubileumsarrangement, og dei var involvert i danseforestilling. I samband med fleire av konsertane var det også sett av øvingsdagar. Nokre av konsertane var eigenproduksjonar.

I Sogndal er det fem distriktsmusikarar. Her har Stiftinga Opera Nordfjord vore den største kunden, men også Årdal kommune, Sogn Gravferdshjelp, Sogn og Fjordane folkemusikklag og Sogndal Songlag har nytta distriktsmusikarane. I 2024 var musikarane sine tenester elles nytta av Balestrand pensjonistlag, Sogn musikk dagar, Øvre Årdal janitsjarkorps, Skeivass-koret og ei handfull andre aktørar, inkludert nokre privatpersonar.

To musikarar i halv stilling utgjør distriktsmusikarstillinga på Voss. Dei to musikarane nytta i 2024 utøvardelen til å spele konsertar i alle barnehagane i Voss herad og i nokre barnehagar i Kvam og Osterøy kommunar. Musikarane hadde òg konsert på Vossajazz, spelte på Bjørn West-markering og på eldreheimar og bibliotek i Hardanger. Det var også oppdrag om å spele til dans på eit kommunalt arrangement, og eit musikkinnslag på ein jolekonsert. Distriktsmusikarane har spelt til dans og vore instruktørar for born og unge på øvingar og samlingar i regi av det frivillige musikklivet, og ein av musikarane har vore instruktør på UngOsa. Noko av utøvardelen har vorte nytta til eit samarbeidsprosjekt med distriktsmusikaren i Ullensvang, der dei har turnert til institusjonar.

Ullensvang har éin distriktsmusikar i redusert stilling. Her har den største delen av utøvardelen gått med til Hardingdans, som er ein lokal DKS-produksjon, og Nashville, som var eit samarbeidsprosjekt der alle kora i kommunen deltok. Også Ole Bull Akademiet og Statens vegvesen har nytta distriktsmusikaren i Ullensvang. Distriktsmusikaren har også vore involvert i turnésamarbeidsprosjektet nemnt i avsnittet om Voss over.

I Alver er det også berre éin distriktsmusikar. Stillinga er nyoppretta, og musikaren byrja i jobben hausten 2024. Dei fyrste månadane etter tilsetting har gått med til konsertbesøk i alle skuleklassar på 1. trinn ved alle dei 17 barneskulane i kommunen. I tillegg har det vore konsertar og speling på gudstenester i fleire kyrkjer, og på ein opningsseremoni for Statens vegvesen.

Skal vi summere opp det vi kan lese ut av datamaterialet frå vertskommunane, er *variasjon* eit stikkord. I kommunane som har hatt distriktsmusikarar over tid, vert tenesta nytta av ei stor breidde av oppdragsgjevarar; dei er store og små, dei representerer både det profesjonelle og det frivillige musikklivet, og både offentlege og private aktørar. Fleire av oppdragsgjevarane er ikkje sjølv ein del av musikklivet, men offentlege eller private aktørar som betaler for musikkinnslag på ulike arrangement. Oppdragsgjevarane er hovudsakeleg lokale eller frå nærliggjande kommunar. Spelejobbar og prosjekt representerer ei stor breidde. Blant kommunar med ein eller få musikarar er aktiviteten naturleg nok noko mindre og smalare. Og blant dei nye vertskommunane er aktivitetsnivået noko prega av at ordninga framleis er under etablering.

3. Erfaringar med distriktsmusikarordninga


I dette kapittelet tek vi utgangspunkt i problemstillinga som spør korleis musikklivet i kommunane opplever og gjer seg nytte av distriktsmusikarordninga. Som nemnt i innleiinga har målet med ordninga heilt sidan starten vore å *styrke musikklivet i distrikta*, noko som framleis er sentralt. Kva ei slik styrking konkret skal omfatte eller bestå av er i liten grad skildra eller kommunisert i detalj, jf. kap. 2.1. Men ut frå dei dokumenta som finst om ordninga, kan ein seie at styrking her handlar om å skape aktivitet, samt sikre kvalitet og mangfald lokalt og regionalt. Målgruppene er både frivillig musikkliv og profesjonelle aktørar og institusjonar.

Det er med andre ord knytt ganske store forventingar til kva både musikarane og ordninga i sum skal utrette. I det følgjande skal vi presentere kva datamaterialet vårt (intervju og spørjeundersøking) fortel om korleis ordninga vert oppfatta ute i kommunane, både dei som er vertskommunar for ordninga og alle andre. Vi startar med å sjå på korleis ordninga vert vurdert å bidra til aktivitet, rekruttering og talentutvikling i det frivillige musikklivet. Deretter ser vi på korleis informantane meiner ordninga støtter opp under profesjonelle aktørar og institusjonar. Her ser vi særleg på korleis informantane opplever at ordninga bidreg til kvalitet og til eit mangfaldig musikkliv. I desse analysane er ordninga i sum i fokus. For at ordninga skal ha bidra til kvalitet og mangfald er likevel også den einskilde distriktsmusikaren, med sine individuelle kvalitetar og nettverk, viktig. Rett muskar på rett plass kan utrette mykje, men det motsette kan òg vere tilfelle. Med dette i tankane presenterer vi kva ulike aktørgrupper meiner om kva ordninga tilbyr av kompetanse. Kapittelet avsluttast med to delkapittel der vi ser på kor godt kjent ordninga ser ut til å vere i regionen, og kva som finst av arenaer for kommunikasjon og samhandling.

3.1 Det frivillige musikklivet

Ei viktig målsetting for distriktsmusikarordninga er å bidra positivt til det frivillige musikklivet i fylket. I spørjeundersøkinga spør vi respondentane direkte om dette, formulert slik: *Kor dårleg eller gode meiner du distriktsmusikarane er til å engasjere det frivillige musikklivet?* Respondentane vart bedne om å svare med hjelp av ein skala frå 1-5, der 1 var særst dårlege, og 5 var særst gode. Figur 5 viser resultata frå tre grupper respondentar. Den fyrste gruppa respondentar omfattar alle som svara på undersøkinga, altså heile utvalet. Den andre gruppa respondentar er ei gruppe vi kallar *lokalt musikkliv*, som består av alle respondentar som sjølv gjev opp at dei reknar seg til det frivillige eller profesjonelle musikklivet, inkl. kantorar og kyrkjemusikarar. Den tredje gruppa er respondentar som har bustad i kommunar som ikkje er vertskommune for ordninga. Grunnen til at vi har silt ut einskilde respondentgrupper, er for å sjå kva tilhøyrse til nettopp desse kategoriene har å si for korleis dei vurderer ordninga og musikarane i den. Figuren syner at nesten 40 prosent av alle respondentane meiner at distriktsmusikarane er særst gode eller gode til å engasjere det frivillige

musikklivet. Dersom ein silar ut respondentar som kjem frå det lokale musikklivet (både i og utanfor vertskommunar) er dei endå meir positive. Over 50 prosent i denne gruppa meiner at distriktsmusikarane er særst gode eller gode til å engasjere det frivillige musikklivet. Figuren viser at dette talet fell til 30 prosent dersom ein berre inkluderer respondentar frå kommunar som ikkje er vertskommunar for ordninga. Her vil vi understreke at gruppa berre består av 20 respondentar, så resultatet er litt usikkert. Mellom 6 og 15 prosent svarar at dei meiner distriktsmusikarane korkje er gode eller dårlege til å engasjere det frivillige musikklivet, men som vi ser er ei slik korkje eller-haldning låg blant respondentar frå lokalt musikkliv og høgast blant respondentar frå kommunar som ikkje er vertskommunar. Opp mot ein tredjedel av respondentane i alle dei tre gruppene svarar at dei er usikre, ikkje veit eller at spørsmålet ikkje er relevant. Det speglar at ordninga generelt er relativt ukjend, noko vi vil sjå i mange av svara på spørjeundersøkinga.



Figur 5. Svar på spørsmålet *Kor dårleg eller gode meiner du distriktsmusikarane er til å engasjere det frivillige musikklivet?* Alle respondentar, N = 54, Ikkje-vertskommunar, N = 34, Lokalt musikkliv, N = 20. Prosent oppgitt for respondentgruppa «Alle».

Vi finn den same ambivalensen i intervjuar, der nokre meiner distriktsmusikarordninga er særst viktig for den delen av musikklivet som består av amatørar og frivillige, medan andre ikkje kjenner godt nok til ordninga til at dei kan gjere ei vurdering av dette. Ein av informantane som vurderer ordninga til å vere svært viktig seier:

Det er jo det at vi får inn kompetanse som på ein måte som kan vere... Dirigere korps i [kommunen] og undervise ungar og vere utøvande og hoppe inn i prosjekt. Dei poppar liksom opp veldig mange stader, desse distriktsmusikarane, og er med å sørge for at veldig mange andre ting rullar i kulturlivet (Inf. 19).

Ein annan informant påpeikar at distriktsmusikarane er viktige ressursar i lokalmiljøet, og at ordninga er bra for lokalmiljøa som har desse stillingane.

Andre informantar har, sjølv om dei har eit sterkt og omfattande engasjement i det frivillige musikklivet, lite eller inga røynsle med distriktsmusikarane, og dermed mangelfullt grunnlag for å gjere ei vurdering av kva verdi ordninga faktisk har. Ein informant som erkjenner at han har for lite kjennskap til ordninga, fortel likevel at han har registrert at nokre av distriktsmusikarane verkar å vere mykje involvert i ulike musikkprosjekt. Den same informanten har òg ei oppfatning om at det distriktsmusikarordninga kan tilby med tanke på sjanger og instrument, ikkje er heilt relevant for den musikkaktiviteten som han sjølv representerer, som er brassband: «Det handlar litt om vår etterspurnad, og kanskje òg det tilbodet som har vore der. Det treffer ikkje det smale miljøet som eg representerer» (Inf. 20). Informanten er sjølv involvert i ein årleg konsert, der det alltid er lokalt kor med, og ofte vert det henta inn ein solist. Solisten er gjerne ein ung vaksen muskar med lokal tilknytning, som kjem heim og bidreg. Dette er med på å trekkje publikum, og det kan gje fine oppslag i lokalavisa. Informanten trur ikkje det ville hatt den same effekten om dei hadde nytta distriktsmusikarar. Samstundes er det største hinderet kanskje at ein ikkje hugsar på distriktsmusikarordninga: «Det er ikkje alltid vi tenker på distriktsmusikarane. Men det går an å gjere det meir i framtida» (Inf. 20). Ein annan informant, som representerer ein kommune som ikkje er vertskommune for ordninga, meiner at sjølv om det kan vere relativt enkelt å kjøpe inn ein distriktsmuskar for éin einskild konsert, vil det vere meir krevjande å involvere dei i ein øvingsperiode fram mot ein konsert, både på grunn av reiseavstand, og fordi det skal passe inn i mange sine kalendrar: «Det er iallfall det det frivillige musikklivet har sagt til meg». (Inf. 16).

I eit ope kommentarfelt i spørjeundersøkinga kjem det fram at det er samansette årsaker til at mange ikkje nyttar distriktsmusikarordninga. To respondentar kommenterer at lang reiseveg gjer det lite aktuelt å bruke ordninga:

Sjekket distriktsmusikerene på vestlandfylke.no og nærmeste oss er visst Voss, men når kulturlivet her bl.a. består av 3 voksenkorps, ett brass og to janitsjar samt skolekorps janitsjar, og distriktsmusikerene på Voss kun har en på fløyte og ingen på messing så gjenspeiler de ikke samfunnet her i vår kommune, ser at både Sunnfjord, Gloppen og Sogn har distriktsmusikere på messing.

Det er geografisk langt unna nærmeste distriktsmuskar, så vi ser veldig lite effekt av det. Vi skulle svært gjerne hatt dei nærmare, då vi har hørt mykje positivt om ordninga.

Eit par andre sit med inntrykk av at distriktsmusikarane primært driv med undervisning, og har lite tid til anna arbeid:

Svært viktig ordning, men vi kjenner dessverre lite til den og ser lite til dei. Mogleg pga. høg undervisningsgrad i stillingane - inntrykket er at dei har avgrensa tid til å jobbe prosjektretta i heile regionen.

Musikarane har sikkert stor betydning i vertskommunane, der dei ofte har mykje undervisning i kulturskulane.

Til sist kan tilgang på andre muskarar samt prisen på tenestene vere grunnar til at aktørar i det frivillige musikklivet ikkje brukar ordninga. To respondentar kommenterer i spørjeundersøkinga:

Vi har ved nokre få høve leigt inn distriktsmusikarar til å halde kurs i samband med [festival], og det er vel og bra, men vi har hatt like god nytte av andre frilansmusikarar og tradisjonsberarar som driv på "hobbybasis".

Prisane på leige av distriktsmusikarane synte seg å vere svært ulike. [Ein vertskommune] heldt rimeleg pris då vi leigde inn lærar til [kurs], slik at vi gjentok suksessen med leige, medan [ein annan vertskommune] hadde eit høgt prisnivå som ikkje freista oss til gjentaking av leige.

Det kjem ikkje fram i kommentaren om den siste respondenten har søkt om tildeling frå fylkeskvoten.


Oppsummert viser det samla empiriske materialet at blant dei i det frivillige, lokale musikklivet som kjenner distriktsmusikarordninga godt, så er den populær, ofte til tross for at mange meir ser indirekte fordelar med den, enn at den er direkte relevant for eigen aktivitet. Samtidig kjenner mange for lite til ordninga til å ynskje å uttale seg, og særleg gjeld dette i kommunar langt frå vertskommunane kulturelt og/eller geografisk. Spørjeundersøkinga indikerer òg at reiseavstand frå vertskommunane er ein viktig grunn til at mange ikkje nyttar ordninga.

3.2 Rekruttering og talentutvikling

Ei viktig oppgåve i arbeidet med å utvikle det lokale musikklivet er rekruttering og talentutvikling. Både regionalt og i den nasjonale kulturpolitikken ser ein dette som viktig av fleire grunnar. Ved å møte profesjonell kunst og kultur får barn og unge estetisk kompetanse og kulturell kapital. For mange gjev eit slikt tilbod dessutan kunnskap og meistring – dei lærer å handtere eit instrument. For nokre av dei er dette også starten på eit utdanningsløp innanfor ei kunstnarleg fagretning – i dette tilfellet musikk, kanskje også scenekunst (sjå t.d. Heian & Berge, 2024). Det er difor neppe tilfeldig at ordninga er tett knytt opp til dei lokale kulturskulane. Eit tett og godt samarbeid med kulturskulen kan i tillegg ha fleire synergieffektar både med omsyn til deling og styrking av nettverk, gjensidig fagleg utvikling og synleggjering av lokal kunst og kultur.

I spørjeundersøkinga spør vi direkte om kor viktig respondentane meiner distriktsmusikarordninga er for *rekruttering og talentutvikling innan musikklivet lokalt*. Figur 6 syner både kva respondentane samla og to undergrupper av respondentar, respondentar frå det lokale musikklivet og respondentar som bur i kommunar som ikkje er vertskommune, svara på dette spørsmålet. Som ein ser, meiner mange respondentar at ordninga er viktig eller sær viktig for rekruttering og talentutvikling. Kring 40 prosent av respondentane samla meiner dette. Ser vi på gruppa respondentar vi kallar *lokalt musikkliv* (sjå kap. 3.1), meiner 55 prosent dette. Igjen vil vi understreke at denne gruppa berre består av 20 respondentar, noko som gjer resultatet litt usikkert. Ser vi berre på respondentar frå andre kommunar enn vertskommunar, men ifrå alle delar og nivå av det lokale musikklivet, kommunale etatar inkludert, meiner litt over 30 prosent at ordninga er viktig eller sær viktig for rekruttering og talentutvikling. Samstundes ser vi at nesten 40 prosent er usikre, ikkje veit, eller meiner at spørsmålet ikkje er relevant for seg, uavhengig av kva type respondentgruppe det

er snakk om. Igjen tolkar vi dette som eit uttrykk for at ordninga er relativt lite kjend i musikklivet i Vestland, trass i kor viktig den verkar å vere blant dei som kjenner og nyttar den.



Figur 6. Svar på spørsmålet *Kor viktig meiner du distriktsmusikarordninga er for rekruttering og talentutvikling innan musikklivet lokalt?* Alle respondentar, N = 54, Ikkje-vertskommunar, N = 34, Lokalt musikkliv, N = 20. Prosent oppgitt for respondentgruppa «Alle».

Også i intervjumaterialet kjem det fram at distriktsmusikarordninga vert vurdert som særs viktig for rekruttering til musikklivet og for talentutvikling. Distriktsmusikarane er viktige undervisningsressursar i kulturskulane i vertskommunane. Dette er ei tilbakemelding som mange i vertskommunane kjem med, og som gjeld distriktsmusikarane generelt. Nokre av distriktsmusikarane ser i tillegg ut til å vere særleg synlege også for folk utanfor lokalmiljøet, som positive medspelarar for born og unge musikarar gjennom ulike engasjement: «Eg ser at [namn på distriktsmusikar] bidreg sterkt til rekruttering av unge, og får dei vidare» (Inf. 20), seier ein.

Ein informant påpeikar at distriktsmusikarstillingane er attraktive, og at kulturskulane får gode søkarar på desse stillingane. Fleire peikar på at dei er særleg viktige i arbeidet med dei kulturskuleelevane som har nådd eit visst nivå. Ein kulturskulerektor seier:

Eg trur jo kanskje at det har vorte meir viktig fordi at det har vore ei enorm kvalitetsheving på elevane våre. Det er fleire som er i behov av fordjuping. Og det er fleire som no er klar over at det finst ein moglegheit for eit liv innanfor kunstfaga og musikk (Inf.8).

I intervjuet kjem det også fram at nokre av distriktsmusikarane har lykkast godt med samarbeid på tvers av kulturskular i ulike kommunar, som legg grunnlag for større og meir varierte ensemble, felles konsertar og til dømes orkesterskule. Fleire informantar framhevar at den viktige rolla distriktsmusikarane spelar for det

unge musikklivet i regionen har si forklaring i at distriktsmusikarane er stabile ressursar som har vore til stades i lokalmiljøet over tid, og at stillingane inkluderer ein utøvardel. Ein informant seier: «Det er berre mogleg fordi ein bur der over tid, og er lærar i kulturskulen og kan vere ein inspirator for elevane» (Inf. 18). Same informant meiner at nøkkelen her er at stillingane har kombinasjonen av undervisnings- og utøvardel. Som utøvande musikarar og lærarar, vert distriktsmusikarane gode førebilde for elevane som dei får ein nær relasjon til. Når kulturskuleelevar og foreldra deira opplever kulturskulelærarane i konsertsamheng, får dei forståing for at dei har lærarar med kompetanse på høgt nivå. At dette bygger positive omdøme for kulturskulane, er eit poeng som kjem fram i materialet.

Oppsummert viser det samla empiriske materialet at blant dei som kjenner godt til distriktsmusikarordninga meiner mange at ordninga er særskild viktig for rekruttering og talentutvikling.

3.3 Det profesjonelle musikklivet

Distriktsmusikarordninga skal ikkje berre stimulere og inspirere lokalt frivillig musikkliv, den skal og styrke det profesjonelle feltet. Her er omkvedet – slik vi både fekk høyre av dei som administrerer ordninga og dei som nyttar den – at sidan mange av kommunane i distriktet har svake strukturar for profesjonell drift og få aktive utøvarar, bidreg ordninga til å skape slik aktivitet og faglege fellesskap. Fleire informantar fortalte òg at dei hadde tru på at ordninga kunne bidra til auka bulyst, og som ein stimulans for at unge profesjonelle musikarar ynskjer å flytte heim, sidan sterke fagmiljø ofte er ein føresetnad for å tore å satse på det.

Eit poeng ved ordninga som er relevant i denne samanhengen, om enn banalt, er at det at ordninga eksisterer, i seg sjølv fører til at det finst profesjonelle musikarar i regionen. Dessutan, og dette heng saman med det fyrste, kan ein tenkje seg at distriktsmusikarordninga over tid har endra haldninga lokalt til det å skulle betale for musikartenester. Nokre informantar meiner å ha registrert ei slik endring i det frivillige musikklivet i sine lokalmiljø, der ein tidlegare har vore van med å nytte ubetalte amatørar som til dømes dirigentar, medan ein i dag i større grad både aksepterer at slike tenester ikkje er gratis, og at ein òg forventar eit profesjonelt nivå på slike tenester. Slik sett kan distriktsmusikarordninga verke profesjonaliserande på musikklivet. For det tredje vil distriktsmusikarane styrke det profesjonelle feltet når dei bidreg inn i prosjekt og samarbeid med andre profesjonelle aktørar. Ut frå det datagrunnlaget vi har, kan det sjå ut til at det i hovudsak er distriktsmusikarane i Sunnfjord og Gloppen som *i stor grad* samarbeider med andre profesjonelle aktørar på musikkfeltet i regionen – her spelar det truleg inn at musikargruppene i desse kommunane er store og har ei instrumentsamansetjing som høver godt inn i profesjonelt musikkliv. Distriktsmusikarane i dei andre vertskommunane har i noko varierende grad inngått i samarbeid med profesjonelle aktørar.

Dei største brukarane av musikartenestene er Opera Nordfjord, Gloppen Musikkfest, Sogn og Fjordane symfoniorkester (Sofork), Gaularspelet, Førde kammerkor og Teater Vestland. Distriktsmusikarar har vore ein del av kjernen i orkesteret til Opera Nordfjord i mange år. Operaen brukar gjerne sju-åtte distriktsmusikarar som spelar orkesterinstrument, og av og til nokre musikarar til. Ein relativt stor del av fylkeskvoten vert vanlegvis tildelt operaen, og i tillegg kjøper operaen musikartenester av andre profesjonelle. Også Gloppen Musikkfest nyttar distriktsmusikarordninga i stor grad. Stiftinga Gloppen Musikkfest gjev jobb til mange profesjonelle musikarar og involverer mange frivillige i arbeidet. Som mange festivalar er dei med andre ord eit døme på ein aktør som ikkje kan kategoriserast korkje som heilt profesjonell eller heilt frivillig. Ifølgje festivalen, bidreg distriktsmusikarordninga til at dei både kan oppnå god breidde i programmet og høg kvalitet. Når festivalen hentar musikarar utanfrå regionen med lang reiseveg, er det ofte naudsynt å nytte dei mykje undervegs i festivalperioden. Dette treng ikkje festivalen å ta omsyn til når det gjeld musikarar som held til i regionen. Tilgangen på distriktsmusikarar lokalt gjer difor at festivalen får større fridom i programmeringa. For store aktørar som Opera Nordfjord og Gloppen Musikkfest gjer distriktsmusikarordninga at dei kan hente dyktige musikarar på ein økonomisk gunstig måte, og distriktsmusikarordninga kan slik sett sjåast på som eit direkte bidrag til det profesjonelle musikklivet i regionen.

Samtidig peikar informantane som representerer desse aktørane på at bidraget også går den andre vegen; distriktsmusikarane får fagleg påfyll gjennom å delta på større orkesterprosjekt, opera og festivalar. Her får dei høve til å spele saman med tilreisande musikarar og delta i prosjekt som er litt annleis enn det dei gjer elles i det daglege gjennom året. Slik gjev desse oppdragsgjevarane eit bidrag til at distriktsmusikarstillingane er attraktive stillingar i distrikta, noko dei ser som ein viktig del av deira samfunnsoppdrag. To av dei fortel:

Det har variert om vi har tilbydd dei eit seminar eller ein workshop, til at dei har kome til oss med ferdigproduserte konsertar, til at vi har henta dei inn som musikarar i våre hovudkonsertar. Eller at dei også har hatt egne hovudkonsertar.

Så med oss er det ei veldig sånn grei ... Vi har alltid visst om dei, og vi brukar dei aktivt, har gjort det i alle år. Og eg trur også at vi er veldig viktige for dei, at dei prosjekta som dei får vere med på hos oss er attraktive for stillingane fordi dei får møte andre profesjonelle musikarar utover den lille gruppa dei er i, og vere med på større orkesterprosjekt og opera i løpet av eit år. Vanlegvis, da.

Ifølgje informantane er det ikkje slik at dei ikkje hadde klart seg utan distriktsmusikarordninga. Dei hentar òg inn mange artistar og musikarar frå den ordinære frilansmarknaden. I operaorkesteret til dømes, som tel ca. 35 musikarar, er 28-30 av desse innleigde musikarar som *ikkje* er henta frå distriktsmusikarordninga. Om distriktsmusikarordninga ikkje hadde eksistert, ville dei difor mest sannsynleg likevel klart å dekke opp behovet. Men, som ein av informantane fortel, når ordninga fyrst er her, har alle partar gjensidig nytte og glede av samarbeidet:

Heile grunnideen, at vi har klassiske musikarar ute i distrikta, er viktig i seg sjølv. Og at vi har gjensidig glede og nytte av kvarandre ved at vi gjev dei oppdrag som er kjekke for dei, så dei kan utvikle seg på sine instrument og halde nivået oppe med samspel og orkesterspel. Og at *vi* får ei gunstig ordning reint økonomisk.

Ein viktig effekt av distriktsmusikarordninga for Opera Nordfjord er at den er med på å skape eit lokalt orkestermiljø, fordi dei er stabile, dyktige og hyggjelege musikarar som har vore med lenge (sjølv om dette ikkje står i motsetnad til kva dei tilreisande frilansmusikarane bidreg med, som også er stabile, dyktige og hyggjelege). Poenget her er at så lenge distriktsmusikarane representerer høg kvalitet og er positive ressursar som det er lett å samarbeide med, er det svært positivt for ei operaverksemd å ha tilgang til desse i regionen.

Det samla datagrunnlaget indikerer at det er aktørar i vertskommunane og nokre nabokommunar som i størst grad nyttar distriktsmusikarane. Det overordna inntrykket frå intervjuet er at aktørar i delar av regionen ikkje ser det som relevant å bruke ordninga. Ein informant med lang erfaring frå både kulturlivet og kulturadministrasjon i fleire slike kommunar som grensar til ein vertskommune, peikar på at distriktsmusikarane aldri har vore særleg mykje brukt av aktørar i desse kommunane, trass i at samarbeidet mellom kulturskulane i desse kommunane er svært godt.

I intervju med representantar frå kommunar som ikkje er vertskommunar kjem det fram ulike grunnar til at ordninga ikkje vert brukt. Ein grunn som vert nemnt er at ordninga vert gløymt. Det kan altså vere eit potensiale der, men ordninga forsvinn i kvardagen, som ein informant uttrykkjer. Samstundes vert det peika på fleire meir konkrete grunnar til at aktørar vel å ikkje bruke distriktsmusikarane. Ein informant frå nordre del av fylket meinte at kulturaktørane i kommunen har tilgang på mange profesjonelle musikarar lokalt, og at dei heller nyttar desse, i tillegg til at dei hentar inn musikarar frå Oslo og Bergen. Informanten peika rett nok på at det kunne vore eit godt tilskot til det lokale musikklivet om det hadde vore eit par distriktsmusikarar lokalisert i kommunen som kunne ytt tenester lokalt. Ein informant frå sør i fylket sa det slik:

Sånn som verda har utvikla seg her hos oss, med geografien og kor tett på vi har større plassar, så føler vel eg at den ordninga har utspelt si rolle litt for oss. Sånn som det har vore organisert, så trur ikkje eg at det ... Ja, eg ser ikkje heilt behovet, dessverre, rett og slett. Eg er jo veldig for musikarstillingar, og særleg for å styrke det klassiske feltet, men på den måten det er organisert i dag, så ser eg ikkje for meg at det hadde gjort noko særleg til eller frå i forhold til konsertar eller ting her. Det er litt trist å faktisk erkjenne, men eg trur faktisk det er sånn verda er her hos oss, da. (Inf. 17).

Andre fortel at ein viktig grunn til at ordninga ikkje vert brukt, er at musikkfeltet i mange Vestlands-kommunar har utvikla seg mykje dei siste åra, og både har vorte meir profesjonalisert og institusjonalisert enn då ordninga starta opp. Slik har behovet for distriktsmusikarar minska. Ein av respondentane som svara utdypande i spørjeundersøkinga representerer dette synspunktet med si klare tale:

Eg representerer ein kommune som har hatt distriktsmusikarordning, men som for snart ti år sidan la ordninga ned. Grunnen til dette var økonomi og at ein opplevde at ordninga, i vår kommune, var «gått ut på dato». Dette

har truleg noko med kommunen si plassering og at mange godt utdanna musikarar bur og verker i kommunen. Den kommunale skråstrekk fylkeskommunale distriktsmusikargruppa vart difor ikkje nytta av lokale lag og organisasjonar i den grad ho gjorde i oppstarten på slutten av 80-talet, og på mange måtar vart gruppa konkurrert ut av frilansarar.

Ein annan grunn til at ordninga ikkje vert brukt som vert trekt fram handlar om sjanger og relevans. Fleire informantar meiner at satsinga på folkemusikk i ordninga har vore positiv, men nokre saknar meir varierte og meir moderne uttrykksformer, til dømes rytmisk og elektronisk musikk. Ein av informantane våre, ein tilsett i kommunal kulturforvaltning, kom inn på dette, om enn i forsiktige ordelag:

I: Eg er ikkje så godt kjent med prosessen for nye tilsetningar og såne ting, med tanke på å utvikle sjangerbalansen i den musikargruppa. Men no er det jo veldig mykje... me har vel no rundt tjuv distriktsmusikarar, meiner eg, og det er jo mest klassisk og litt folkemusikk. Og så manglar vi vel kanskje... manglar vi på ein måte den rytmiske biten. Der har vi vel eigentleg ingen. Og så veit eg ikkje heller om distriktsmusikarordninga har tenkt å utvide scopet sitt litt, sånn med tanke på ikkje berre rein musikkutøving, men òg litt sånn tilknytta musikkprofesjonar, altså musikkproduksjon og den type ting, men det kunne jo kanskje vere noko å tenke på, for ordninga sin del. Om det er mogleg å opne for den type kompetanse òg (Inf. 10).

F: *Opplever du at den er litt ... At den ikkje heilt klarer å henge med i utviklinga eller tida? Er det det du antyder?*

I: Ja, det er vel det har eg antyda (Inf. 10).

I eit intervju med representantar for kommunar som ikkje har distriktsmusikarar, etterlyste ein «meir sprut» og «meir dynamikk» i ordninga, og peikte på at ei ordning med åremålsstillingar og med det hyppigare skifte av musikarar i stillingar kanskje kunne bidra både til eit høgare totalt aktivitetsnivå over tid og meir dynamikk. Ein respondent i spørjeundersøkinga kjem i ein kommentar med det same framlegget:

Vidare, meiner eg at distriktsmusikarstillingane burde vore på åremål (kanskje på 5 - 6 år), for å sikre godt og høgt nivå på musikanane.


Ei endring frå faste stillingar til åremålsstillingar er eit grep som, slik respondenten skriv, kan sikre høg kvalitet. Dette er viktig for det profesjonelle musikklivet. Samstundes må ei slik endring vurderast opp mot kva det har å seie for kor attraktive stillingane vil vere og for stabilitet over tid, som også er viktig for det profesjonelle musikklivet.

Oppsummert viser det samla empiriske materialet at det profesjonelle musikklivet og særleg dei regionale institusjonane er av dei som har størst nytte av ordninga. Dei både kjøper musikartenester og nyttar fylkeskvoten i ordninga aktivt. Dei som ikkje nyttar ordninga peikar på ulike grunnar til dette; at dei glemmer at ordninga finst, at ordninga ikkje vert opplevd som relevant eller viktig, til dømes fordi ein har god tilgang på andre musikarar lokalt eller frå utanfor regionen med like høg eller høgare kompetanse, fordi ordninga ikkje er sjangermessig relevant eller nyskapande nok, eller på grunn av logistiske årsaker.

3.4 Kvalitet og mangfald

Ein måte å vurdere effektar distriktsmusikarordninga har for det profesjonelle og institusjonelle musikklivet i Vestland, er å sjå på korleis ulike aktørar meiner den sikrar eit mangfaldig musikktilbod av høg kvalitet til fylket. Heilt sidan starten har kvalitet vore ein kjerneverdi i den norsk kulturpolitikken. I seinare år har også mangfald vokse fram som ein tilsvarende viktig verdi. Det er difor rimeleg å hevde at for at ei kulturpolitisk ordning skal ha legitimitet og vorte vurdert som vellukka, så må den byggje under desse to verdiane.

I spørjeundersøkinga var eitt av spørsmåla i kva grad distriktsmusikarordninga bidreg til å sikre eit mangfaldig musikktilbod av høg kvalitet. Figur 7 viser svara frå tre grupper respondentar. Den fyrste gruppa omfattar alle som svara på undersøkinga, altså heile utvalet. Den andre respondentgruppa gruppa *lokalt musikkliv* (sjå kap. 3.1). Den tredje gruppa er respondentar som har bustad i kommunar som ikkje er vertskommune for ordninga. Grunnen til at vi har silt ut svar frå desse to gruppene spesielt, er dels for å sjå korleis hovudmålgruppa for ordninga – det lokale musikklivet – vurderer dette spørsmålet, dels for å sjå korleis dei som er målgruppa for dei *regionale* effektane av ordninga, nemleg dei som ikkje bur i ein vertskommune, vurderer det same.



Figur 7. Svar på spørsmålet I kor liten eller stor grad meiner du distriktsmusikarane sikrar innbyggjarane i din kommune tilgang til eit mangfaldig musikktilbod med høg kvalitet? Alle respondentar, N = 53, Ikkje-vertskommunar, N = 33, Lokalt musikkliv, N = 20. Prosent oppgitt for respondentgruppa «Alle».


Som Figur 7 syner, svarar 30 prosent av alle respondentar at ordninga i stor eller nokon grad bidreg til eit mangfaldig musikkliv av høg kvalitet. 46 prosent i denne gruppa svarar likevel at den i mindre grad gjer det eller at den ikkje har noko å seie. Ein fjerdedel av respondentane totalt er dessutan usikre eller har ingen mening. I fleire av dei andre spørsmåla i undersøkinga svarar respondentane at dei ser ordninga som

viktig. I lys av det er det litt rart at så få her svarar at ordninga bidreg til eit mangfaldig musikkliv av høg kvalitet. Ein årsak kan vere at mange er usikre på effekten, noko også talet som svarar et dei er usikre på spørsmålet indikerer. Dette er, som vi har sett, typisk for mange av spørsmåla, og vi tolkar det som at ordninga i mange av kommunane er lite kjend, særleg utanfor dei kommunane som er vertskommunar. Denne tolkinga meiner vi blir styrka av at heile 19 prosent av respondentane totalt ikkje veit eller er usikre på om dei bur i ein vertskommune for distriktsmusikarordninga.

3.5 Distriktsmusikarane

Til no i dette kapittelet har vi sett på kva datamaterialet fortel om ordninga som heile. Men ein kjem ikkje utanom at ordninga ikkje er betre enn dei som utgjer ho, nemleg distriktsmusikarane. Vi har ikkje spurd om kvalitet på individnivå, men i kva grad ein meiner at dei tilsette har dei kvalifikasjonane og den kompetansen som trengs.

I spørjeundersøkinga spør vi direkte om kva syn respondentane har på distriktsmusikarane sin kompetanse. Nærare bestemt er ordlyden i spørsmålet *Kor relevant kompetanse meiner du distriktsmusikarane har?* Som vi ser av svara i Figur 8, meiner ein stor del av respondentane at musikarane i ordninga har relevant kompetanse. Det er ein god attest. Likevel er det verdt å leggje merkje til at nesten 40 prosent av respondentane er usikre på eller ikkje veit noko om denne kompetansen. Berre ein av respondentane med bustad i ein vertskommune svarar at han eller ho ikkje veit eller er usikker (ikkje vist i figuren). Det tyder at manglande innsikt i denne kompetansen fyrst og fremst gjeld musikklivet i kommunar som ikkje er vertskommunar for ordninga. Det er kanskje ikkje så rart, men det er samstundes med på å byggje opp under ein klar trend i datamaterialet vårt: ordninga og innhaldet i den er lite kjend i Vestland som heile. Det kjem vi meir inn på seinare i kapittelet.



Figur 8. Svar på spørsmålet *Kor relevant kompetanse meiner du distriktsmusikarane har?* Alle respondentar, N = 54.


Intervjua gjev det same hovudinstrykket; at kompetansen til distriktsmusikarane vert opplevd som relevant blant dei som kjenner godt nok til ordninga til å meine noko om dette. Vertskommunar som har store musikargrupper, treffer sjølvsagt eit breiare behov enn vertskommunar som berre har éin musikal. Til dømes kommenterer ein respondent i spørjeundersøkinga, som nemnt tidlegare i kapittelet, at det dei treng i det lokale musikklivet der hen held til, er messinginstrument, men det kan ikkje den næraste vertskommunen tilby. Fleire informantar gjev uttrykk for at det har vore positivt at det har vore satsa på å få folkemusikarar inn i ordninga. Eit par informantar meiner det hadde vore ein styrke for ordninga med ei ytterlegare sjangerutviding og generelt større variasjon. Dei som nemner dette ynskjer seg, som vi har vore inne på tidlegare, distriktsmusikarar innanfor rytmisk og elektronisk musikk og musikkproduksjon. Ein kulturskulerektor frå ein kommune som ikkje har distriktsmusikarar, peikar på at sjølv om det er viktig å ta vare på den klassiske musikkarven, er verda i endring, og både oppdragsgjevarar og kulturskuleelevar ynskjer større variasjon og valfridom. Dette er synspunkt som har kome fram òg tidlegare i samband med vidareutvikling av ordninga, som her i utdrag frå eit innspel frå Sogndal kommune:

Utgreiinga om vidareutvikling av musikalordningane i Vestland har fokus på klassisk musikk, folkemusikk og dans. Det er vi glad for. Sogndal kommune meiner også at vi saman bør sjå på høvet til å inkludera andre sjangrar, som t.d. rytmisk musikk. Eit felt som vi bør undersøka interessa for er å etablera stillingar som kan tena korpslivet og bidra til utviklinga av jazz og storband.¹⁷

Sjølv om mange er fornøgde og meiner distriktsmusikarane sit på relevant kompetanse, indikerer materialet at bruken av ordninga kanskje viljee vore noko breiare, særleg i det frivillige musikklivet, dersom ordninga i større grad inkluderte fleire sjangrar og fagfelt enn klassisk og folkemusikk.

Så langt om *relevansen* av kompetansen til distriktsmusikarane. Minst like viktig er sjølvsagt *kvaliteten* på denne kompetansen. I spørjeundersøkinga spurde vi respondentane kor gode dei meinte musikarane er til å realisere prosjekt lokalt, dvs. å skape aktivitet. Det tenkjer vi er viktig at er på plass for at ordninga skal verte vurdert som relevant og vellukka. I Figur 9 ser vi kva respondentane svara på spørsmålet:

¹⁷ Uttale «Vidareutvikling av musikalordninga i Vestland». Innspel frå Sogndal kommune, 13.10.2020.



Figur 9. Svar på spørsmålet *Kor dårleg eller gode meiner du distriktsmusikarane er til å realisere prosjekt lokalt?* Alle respondentar, N = 54, Ikkje-vertskommunar, N = 34, Lokalt musikkliv, N = 20. Prosent oppgitt for respondentgruppa «Alle».

Her viser vi, som vi alt har gjort ved nokre høve, svara frå tre ulike grupper respondentar. Fyrst ser vi svara frå alle som svara, dvs. heile utvalet. Deretter frå gruppa lokalt musikkliv. Til slutt har vi silt ut svar frå respondentar som har gitt opp at dei ikkje bur i ein kommune som er vertskommune for ordninga. Grunnen til at vi syner svara frå dei siste to gruppene, er sjølvsagt at vi meiner det er viktig å sjå kva det lokale musikklivet svarar. Dessutan kva dei som fyrst og fremst er avhengig av dei regionale effektane av ordninga – smitteeffektar frå distriktsmusikarane sin aktivitet i vertskommunane sine, samt frå bruken av fylkeskvoten – meiner.

Også i intervju har vi undersøkt om lokalt musikkliv er fornøgd med kvaliteten på kompetansen. Fleire informantar gjev uttrykk for at dei opplever at distriktsmusikarane har høg kompetanse, at musikarane bidreg til å heve den totale kompetansen i kulturskulane, og at dei er ettertrakta og anerkjent blant dei som brukar dei eller inngår samarbeid med dei. Det vert peika på at utøvardelen av stillingane er viktig for at musikarane skal klare å oppretthalde kvaliteten over tid.

Også profesjonelle aktørar som stiller særleg høge kvalitetskrav, meiner at kvaliteten stort sett er høg. Samstundes har det kome fram i intervju at ein iblant kunne ynskje seg noko høgare kompetanse på enkelte instrument. Når ein nyttar frilansmusikarar, kan ein velje seg akkurat dei musikarane ein ynskjer frå øvste hylle med den eksakt rette spisskompetansen. Ikkje alle distriktsmusikarar vil vere i stand til å halde eit like høgt nivå som til dømes ein topptrimma instrumentalist som brukar all si arbeidstid i orkester. Likevel er det mange andre fordelar med å bruke distriktsmusikarar, og behovet for perfeksjonisme må vegast opp mot desse. Fleire informantar som representerer musikkaktørar som treng denne toppkvaliteten gjev med andre ord uttrykk for at distriktsmusikarane held høg kvalitet, men at det er ei kjensgjerning at ikkje alle held eit nivå som gjer at dei kan nyttast til spesielt krevjande oppgåver. Då hentar ein inn frilansmusikarar i tillegg, og finn praktiske løysingar slik at det vert plass til distriktsmusikarar også, utan at kvaliteten på

resultatet vert svekka. Ein informant med lang fartstid frå det profesjonelle musikklivet i regionen meiner ein ikkje kan forvente at ein distriktsmusikar, som gjerne har stor pedagogisk kompetanse og som involverer seg i mange ulike typar prosjekt med enorme ringverknader for både born, ungdom og vaksne amatørar, så vel som profesjonelle, samstundes skal evne å vere heilt i toppklassen som instrumentalist. Somme gonger kan ein vere heldig at ein slik stjernetype dukkar opp og slår seg ned i lokalmiljøet, men ein kan ikkje forvente at dette er hovudregelen, påpeikar informanten.

Ein distriktsmusikar treng meir enn musikk-kompetanse. Ikkje minst er det viktig med evne til å byggje nettverk og utvikle prosjekt og oppdrag. Ein informant som representerer ein vertskommune fortel at ein har sett at musikarar med erfaring frå frilansverksemd ofte fungerer godt i distriktsmusikarstillingar: «Det kan jo vere litt spennande å sjå om dei aksepterer å [vere ein del av] ein institusjon, men det har fungert utruleg bra, fordi dei veit at jobbane ikkje kjem av seg sjølv» (Inf. 8). Som distriktsmusikar får du ingenting ferdig i fanget, held informanten fram:

[...] her er det å brette opp ermene og finne ut å bygge nettverk, ikkje sant? Du må kunne relasjon, og du må vere hyggeleg og grei på jobb for at folk skal ha lyst til å jobbe med deg. Så det er ein slags frilansar sett i system (Inf. 8).

Ein distriktsmusikar treng med andre ord å være aktiv, skapande og utviklande – som ein slags entreprenør. Gjennom intervjuar har vi fått inntrykk av at mange opplever distriktsmusikarane som nett det. Nokre informantar gjev uttrykk for at distriktsmusikarane ikkje er gode nok til å gjere seg synlege og selje tenesene sine. Dette kjem vi tilbake til seinare i kapittelet.

Samstundes er fleire av informantane opptekne av at dei faste distriktsmusikarstillingane ikkje nødvendigvis sikrar at ein har musikarar med slik kompetanse og innstilling. Ein informant som representerer ein kommune utan distriktsmusikarar, stiller seg kritisk til ordninga med faste stillingar:

Du vert fast tilsett som [distriktsmusikar]. Og det er ein krevjande jobb, og du skal oppretthalde eit høgt nivå, og motivasjon og interesse for å halde det faglege høge nivået. Og så ser vi at verda rundt på ein måte durar på med høgt nivå på musikarar. Då har vi òg ein sterk konkurranse frå frilansmarknaden, iallfall her hos oss. Og eg tenkjer at slike stillingar skulle vore åremålsstillingar. At ein ikkje fekk den stillinga, og så skal du ha den, i prinsippet, fram til du vert pensjonist. Altså eg har ingenting imot det. Misforstå meg rett her, eg har ingenting imot eldre musikarar. Men det er krevjande [...]. Du skal vere på, du skal selje det. Der er det ein ting som er ganske utfordrande. Når vi då, iallfall hos oss, har det trøkket frå frilansarane, så skal dei kommunale ha veldig høgt nivå og vere veldig proaktive (Inf. 17).

Ein informant som har samarbeidd godt med distriktsmusikarar ved fleire høve, peikar på at sjølv om det er viktig å ha eit profesjonelt musikarmiljø i regionen, som distriktsmusikarane utgjør, er det viktig å sikre kvalitet. Men miljø er ikkje viktigare enn kvalitet. Sjølv om mange musikarar klarar å halde høg kvalitet og vere relevante gjennom eit langt yrkesliv, er det likevel spenning rundt ei slik ordning, slik ein av informantane, ein tilsett i ein kommune fortel om:

Nokre gonger har eg jo tenkt på at det kanskje hadde vore ein fordel at stillingane var på åremål, men eg er eigentleg glad for at dei ikkje er det, for det trur eg hadde vorte heilt... Det er noko med den langsiktige effekten av å ha folk som etablerer seg, og dei får barn her, og det vert ein viktig del i samfunnet. Men kanskje litt for å halde oppe svoltene og engasjementet. Kanskje ein vert litt institusjonalisert når ein har vore i kommunen, og det er trygt og godt, og ein treng kanskje ikke å... strekke seg. (Inf. 8)

Ein annan informant, frå ein kommunal etat, seier det same, men med litt andre ord:

Det å vere utøvande musikal er jo ein veldig spesiell jobb. Som ofte tiltrekker seg litt sånn spesielle, ekstra frie sjeler, og at det er ein viktig bit og det som driv musikkutviklinga og kunsten i det framover. Men når ein vert tilsett som distriktsmusikal, så har du ein slags fast jobb, som kanskje då ikkje nødvendigvis vil drive den same nysgjerrigheita framover, viss du skjønner. Ikkje for å sette desse musikarane i eit dårleg lys eller noko slikt, men det kan jo vere at distriktsmusikarordninga kanskje bør tenke på korleis kan dei i større grad sikre den... på ein måte ... Ja, altså, i større grad sikre at musikarane heng med på ei slik type utvikling, da. (Inf. 10)

Dette synet på faste stillingar som noko som over tid kan gjere at personane som sit i stillingane stivnar litt, vert mindre «svoltne», er det fleire informantar som deler. Samstundes er det mange informantar som, sjølv om dei ser ulempene med faste stillingar, likevel meiner at dette er ei betre løysing enn å gå over til åremålsstillingar. Dette handlar om at det vil kunne vere vanskeleg å rekruttere dyktige musikarar til temporære stillingar. At stillingane er faste, er også grunnlaget for den stabiliteten som vert framheva som så viktig. Fleire informantar er opptekne av at sjølv om faste stillingar kjem med ei bakside, er den stabiliteten og kontinuiteten som distriktsmusikarane står for så viktig at det likevel er verdt det. Ein seier det slik:

Dei fleste drøyer om å spele orkester, men det er ikkje nok orkesterjobbar til alle. Uansett kor flink du er, så er det ikkje nok stillingar til å gje alle som er flinke, jobb. Difor er det veldig mange frilansmusikarar i Noreg som reiser rundt og spelar orkester. Og mange vil jo liksom berre ha det gøy og reise rundt, men nokon tek eit samfunnsansvar og tenkjer at dei skal slå seg ned ein stad, ta den faste jobben og kanskje gje avkall på det. [...] Slå seg ned og vere med og bygge opp eit miljø på eit stad over tid. [...] Eg skal ikkje kalle det eit offer, men du må kanskje gje opp noko for å verte god på noko anna. Ein kan ikkje reise rundt i Noreg og spele i orkester heile tida, og samtidig vere distriktsmusikal, for det går jo ikkje. Då må du gje opp den biten (Inf. 18).


Skal vi summere opp, er det samla inntrykket vårt basert på svara både frå spørjeundersøkinga og intervju er at dei fleste meiner musikarane i distriktsmusikarordninga held god kvalitet, både som profesjonelle utøvarar og som «motorar» i lokalt musikkliv, med evne til å inspirere andre profesjonelle og ikkje minst lokalt, frivillig musikkliv. Samstundes seier mange at dei er medvetne den generelle risikoen som ligg i ei slik ordning, knytt til at distriktsmusikarar kan få eit B-preg samanlikna med å hente A-laget frå større byar eller internasjonalt. Få, om nokon, ynskjer å kritisere musikarane i ordninga for manglande kvalitet, dette er eit ømtolig tema, og det er difor naturleg at dette vert omtalt i prinsipielle vendingar. Likevel er vårt inntrykk at dei aller fleste av informantane er villige til å fire på kulturpolitiske verdiar som kvalitet og relevans, for å oppnå distriktpolitiske mål som å sikre musikarar i distrikta. Dette heng dessutan saman med frykt for at ein ved å gjere om på ordninga for å sikre enda høgare kvalitet og relevans, mistar midlane som i dag verkar trygge. Særleg er dette tilfelle sidan dei fleste verkar samde om at ein oppnår mykje ved å

inngå kompromiss; ein når mange av dei distriktspolitiske målsettingane ved å fire berre litt på dei kulturpolitiske.

Kompetansen ein har tilgang til gjennom ordninga vert i hovudsak opplevd som relevant av dei som kjenner ordninga godt nok til å ha ei mening om det. Samstundes har det kome fram at fleire av dei som ikkje brukar ordninga viser til at musikarane jobbar innanfor fagområde som ikkje vert opplevd som relevant. Delar av det frivillige musikklivet treng t.d. større tilgang på kompetanse på korpsinstrument, som ikkje alle vertskommunar tilbyr i dag. Her står ordninga i eit dilemma. På den eine sida kan ein sjå det som viktig å sikre at ein har musikargrupper med føremålstenleg instrumentsamansetjing, ikkje minst innan klassisk musikk. Blant informantane har vi òg møtt argumentet om at klassisk musikk og tradisjonsmusikk har eit mindre publikum enn t.d. rytmisk musikk eller populærmusikk, og at ordninga difor er viktig for at desse sjangrane skal overleve. På den andre sida kan ein argumentere for at eit breiare sjangerutval i ordninga vil gjere ordninga relevant for fleire i målgruppene, som er viktig for legitimiteten til ordninga.


3.6 Kjennskap og marknadsføring

Fleire stader i rapporten har vi vore inne på at mange respondentar og informantar seier at dei kjenner lite til ordninga, noko som har kome til uttrykk både i spørjeundersøkinga og i intervju. I spørjeundersøkinga spurde vi korleis respondentane synest distriktsmusikarordninga vert marknadsført. Den nøyaktige ordlyden på spørsmålet var *Kor dårleg eller godt meiner du distriktsmusikarordninga vert marknadsført til musikklivet i alle Vestland-kommunar?* Det er verdt å leggje merke til at marknadsføring *til alle* kommunar i Vestland er presisert. Som vist i Figur 10, svarar 13 prosent av respondentane at ordninga er godt marknadsført. 26 prosent meiner ordninga er dårleg marknadsført, og 22 prosent meiner den er særskild dårleg marknadsført. 15 prosent er usikre, veit ikkje eller opplever spørsmålet som ikkje relevant.



Figur 10. Svar på spørsmålet *Kor dårleg eller godt meiner du distriktsmusikarordninga vert marknadsført til musikklivet i alle Vestland-kommunar?* Alle respondentar, N = 54.

I Figur 11 viser vi svara berre frå respondentar som held til i kommunar som *ikke* er vertskommunar. Her ser vi at det er langt fleire, meir enn 50 prosent, som meiner at ordninga er dårleg eller særskild dårleg marknadsført. I tillegg er nesten 20 prosent usikre. Dette syner tydeleg at ordninga er langt mindre synleg her enn i kommunar som er vertskommunar for ordninga.



Figur 11. Respondentar frå kommunar som ikkje er vertskommune sine svar på spørsmålet *Kor dårleg eller godt meiner du distriktsmusikarordninga vert marknadsført til musikklivet i alle Vestland-kommunar?* N = 34.

Det er elles verdt å merkje seg, som vi har nemnt tidlegare, at 11 respondentar ikkje veit eller er usikre på om dei bur i ein vertskommune for ordninga. Det er eit signal om at ordninga ikkje er god nok når det gjeld å vere synleg og godt kommunisert. I det opne kommentarfeltet i spørjeundersøkinga gjev fleire uttrykk for at dei ikkje får tilstrekkeleg informasjon:

Vi har inga erfaring med ordninga i kommunen og får lite eller ingen informasjon. Ville sikkert vore brukt viss det var meir tilgjengeleg/kjend.

Tok et kjapt søk på vp.no¹⁸ på flere utgaver av ordet «distriktsmusikar» og fant ingen treff i det hele tatt og det gjenspeiler min erfaring med dem.

Det er for lite marknadsføring, meiner eg. Eg skulle tenkt meg meir informasjon, og meir blest kring arrangement som har vorte gjennomført gjennom denne ordninga. DKS er supert, og ordninga fungerer svært godt. Men elles ser og høyrer me lite frå distriktsmusikarane.

I min region er distriktsmusikerordningen «usynlig». Musikerne verken markedsfører seg eller er tilgjengelig for oppdrag, og om de er tilgjengelige så det er dyrt for frivillig musikkliv å innhente en distriktsmusiker. Når det gjelder talentutvikling, trenger man ikke være distriktsmusiker for å ha denne rollen, i tillegg distriktsmusikerne har begrenset stillingsprosent for pedagogisk arbeid i kulturskoler.

I kommentarfeltet kjem det òg fram at sjølv om ein del kjenner til ordninga, er folk usikre på om, og i så fall korleis, ein utanfor vertskommunane kan nytte seg av ordninga:

¹⁸ Vaksdalposten.

Vi kjenner ikkje godt til ordninga, og var ikkje klar over at distriktsmusikarane også skal vere ein ressurs for andre kommunar enn vertskommunen.

Distriktsmusikarordninga er ikkje aktivt marknadsført for tilsette i kultureiningar i kommunar som står utanfor ordninga.

Vanskeleg å svare godt på spørjeundersøkinga. Eg trur at det er den kommunen "som eig"/finansierer distriktsmusikaren som bør få mest nytte av den. Vi har ikkje i vår kommune - og då er det kanskje lite kjent korleis vi faktisk kan bruke denne kompetansen. Eg kjenner til ordninga knytt til enkeltprosjekt - men så kan det ta mange år før det er aktuelt igjen. Heier eigentleg på ordninga - men trur den har potensiale for å verte kjent i større område enn i dag.

Vi har hatt få samarbeid med distriktsmusikarordninga i vår kommune siste åra. Historisk kan vi visa til svært gode prosjekt. Altså ordninga har stort potensiale, men vi har ikkje tatt ut dette i siste åra. Ordninga er også for anonym og tilboda kunne vore marknadsført betre ut i kommunar som ikkje er vertskommunar.

Intervjumaterialet stadfestar inntrykket frå spørjeundersøkinga av at mange opplever at distriktsmusikarordninga ikkje vert marknadsført godt nok, og dermed ikkje er godt nok kjent. Fleire av dei vi har intervjuet som kjenner godt til ordninga seier at dei aldri har motteke informasjon om ordninga korkje skriftleg eller i møte eller sett den annonsert nokon stad. Ein informant til dømes, som har vore kultursjef i ein kommune i Vestland tidlegare, kunne ikkje hugse å ha fått noko informasjon om ordninga, sjølv ikkje i tida som kultursjef. Informanten, som i ein periode hadde arbeidd i fylkeskommunen og som slik hadde fått kjennskap til ordninga, meiner at ordninga har eit langt større potensial om det vert gjort eit betre informasjonsarbeid framover.

To informantar som sjølv representerer aktørar som nyttar ordninga mykje, fortel at mange tek kontakt når dei treng ein muskar eller to til eit bedriftsarrangement, jolebord eller anna. Desse veit ofte ikkje om distriktsmusikarordninga, og informantane endar ofte med å vise dei vidare til distriktsmusikarane. Inntrykket deira er at distriktsmusikarane ikkje er så flinke til å marknadsføre seg. Ein annan informant, som jobbar i kulturadministrasjonen i ein kommune som ikkje har distriktsmusikarar, seier det same:

Vi høyrer jo ikkje noko frå dei. Vi gløymer dei i ein travel kvardag. Kvar er dei? Kvifor er dei ikkje i vår fremste pannelapp når vi skal, ja, for eksempel ha noko til både kulturell skulesekk og spaserstokk, og i andre samanhengar, [...] i det frivillige kulturlivet med revyar og med store oppsetjingar. Kjempekult å hatt ein spennande muskar som kanskje kjem med noko heilt nytt i ein danseproduksjon, ein dans utan grenser, f.eks., som ei sånn ung-til-ung-formidling, i staden for kun innspilt musikk på førehand. Det kunne vore så mange moglegheiter, men då må vi vite om dei. Dei må gjere seg litt meir lekne, spør du meg. (Inf. 16)

Når det gjeld informantar frå det frivillige musikklivet, er vårt inntrykk det same; at dei opplever at det kjem lite eller ingen informasjon om ordninga.

Ein informant som held til i ein av vertskommunane meiner at det kanskje er litt annleis når ein har distriktsmusikarar i eigen kommune – då vert dei meir synlege, og han antar at fleire lokalt kjenner til

distriktsmusikarane. Men han trur likevel ikkje at alle er klar over moglegheitene i ordninga; at musikarane er tilgjengelege for oppdrag utover det som handlar om undervisning og som er særleg knytt til institusjonar. Denne informanten har, som dei øvrige, heller aldri sett dette avertert, utover konsertannonsar.

Oppsummert, basert på spørjeundersøking og intervjumateriale, kan vi slå fast at den regionale kjennskapen til ordninga er relativt låg, og at kommunane og musikklivet opplever at distriktsmusikarordninga er lite marknadsført. Dette handlar både om at det kjem lite informasjon om at ordninga finst, men og om kva tenester musikarane kan tilby og til kven.

3.7 Arenaer for kommunikasjon og samhandling

Som omtalt over, er det eit tydeleg funn i materialet vårt at distriktsmusikarordninga ikkje er godt nok kjent i regionen. Både musikklivet og kommunane i regionen opplever at ordninga ikkje er marknadsført i tilstrekkeleg grad. Informantar i musikklivet og i kommuneadministrasjonane gjev uttrykk for at det kjem lite informasjon om at ordninga finst, kva tenester musikarane kan tilby og til kva målgrupper. Inntrykket er at det varierer mykje frå vertskommune til vertskommune – og frå musikal til musikal – kor synlege dei er for omverda.

Dersom ein allereie veit om ordninga, og sjølv ynskjer å finne informasjon om den, vil det for mange kan hende vere naturleg å søkje det opp på nettsidene til fylkeskommunen eller vertskommunane. På nettsidene til fylkeskommunen finst det ei informasjonsside¹⁹ om distriktsmusikarane, men informasjonen på denne sida er ikkje oppdatert, til dømes kjem det ikkje fram at Alver kommune har vorte med i ordninga, og informasjon om musikarane i nokre av dei andre kommunane er ikkje lenger gyldig. Informasjonen kunne etter vår meining òg vore meir utfyllande, til dømes kunne målet med ordninga og korleis den er innretta vore kommunisert tydelegare. På den fylkeskommunale informasjonssida vert brukarane vist vidare til meir informasjon på nettsidene til dei ulike vertskommunane (med unnatak). Fleire av dei kommunale informasjonssidene er jamt over meir informative enn den fylkeskommunale sida, men også her er det rom for forbetringar. Vi har ikkje undersøkt systematisk om og eventuelt korleis fylkeskommunen og vertskommunane informerer om ordninga i lokalaviser, sosiale media eller andre kanalar. Når vi her slår fast at ordninga ser ut til å vere svakt marknadsført, er det på grunnlag av kva som kjem fram i det kvalitative materialet vårt.

Betre kommunikasjon av ordninga er viktig for at ein skal nå ut med informasjon om ordninga til alle delar av regionen og til fleire i målgruppene. Som kap. 2.4.1 viser, er ikkje fylkeskvoten utnytta godt nok. Bruken av fylkeskvoten er dessutan i stor grad konsentrert til eit lite knippe aktørar. God informasjon til omverda om ordninga er avgjerande for å sikre demokratisk fordeling av fylkeskvoten, der denne kjem

¹⁹ Distriktsmusikarane, <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturformidling/distriktsmusikarane/>

aktørar i heile regionen til nytte. Når det gjeld musikartenestene som vertskommunane sel, varierer det ein del kor mykje utøvardelen av stillingane vert utnytta og korleis, jf. 2.4.2. Også her er god informasjon ut viktig. Fylkeskommunen og vertskommunane har eit særleg ansvar for kommunikasjon av ordninga, men ein kan også sjå for seg at også dei andre kommunane i regionen og aktørar i musikklivet, som til dømes Vestland musikkråd, kan bidra i oppgåva med å formidle informasjon om ordninga til lokalt musikkliv.

I intervju med distriktsmusikarar, vertskommunar og fylkeskommune har vi fått høyre om fleire døme på samarbeid som distriktsmusikarane inngår i. Mykje av det dei gjer i utøvardelen av stillingane, spring ut nettopp av samarbeid med amatørar og profesjonelle i musikklivet. Fleire distriktsmusikarar samarbeider òg med distriktsmusikarar i andre vertskommunar om ulike prosjekt. Også i undervisningsdelen skjer det samarbeid til dømes gjennom at kulturskulane samarbeider om talentutvikling/fordjupingstilbod. Sist, men ikkje minst, samarbeider fylkeskommunen med vertskommunane i arbeidet med å fordele fylkeskvoten. Sjølv om samarbeid på fleire måtar står heilt sentralt i distriktsmusikarordninga, er vår vurdering at det er område der det med fordel kan utviklast meir og betre samarbeid.

Det eine som har kome fram er at distriktsmusikarane manglar ein felles arena, fysisk eller digital, som kan nyttast for å utvikle og styrke det faglege fellesskapet som musikarane i ordninga potensielt utgjer. Vårt inntrykk er at det har vore prøvd å etablere digitale kanalar, men at desse forsøka har stranda på tekniske problem knytt til at musikarane er tilsett i ulike kommunar med ulike IKT-tenester som ikkje spelar så godt saman. Intervjumaterialet vårt indikerer at det kan vere behov for å legge til rette for meir dialog og samarbeid mellom musikarane i ordninga i ulike delar av regionen, og at dette er særleg viktig for dei distriktsmusikarane som ikkje har ei stor gruppe av distriktsmusikarar rundt seg lokalt i sin kommune.

Det andre som har kome fram er knytt til samhandling med målgruppene for ordninga, både det profesjonelle og det frivillige musikklivet. Tett kontakt og samhandling med målgruppene er eit godt utgangspunkt for å få kommunisert ordninga, og då treng ein arenaer å møte dei på. Det har vore lagt ned innsats for å etablere gode arenaer for samhandling. Fylkeskommunen vedtok i 2020, etter innspel frå fleire aktørar, å setje ned to arbeidsgrupper som skulle greie ut mandat og samansetning for to arenaer for å styrke samarbeid og koordinering i musikklivet; ein arena for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet, og ein for arkiv og museum knytt til folkemusikk og immateriell kulturarv.²⁰ I intervju med fylkeskommunen har vi forstått det som at arenaen for samarbeid om folkemusikk og immateriell kulturarv er etablert, men at arbeidet ikkje er i hamn for arenaen for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet. Intervju med andre ulike aktørar stadfester dette inntrykket, og det synest som eit fornuftig spor å få fortgang på arbeidet med å etablere ein arena for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige feltet, som òg kan nyttast for å synleggjere for fleire dei moglegheitene som ligg i distriktsmusikarordninga.

²⁰ Saksnr. 2020/42918-7, Saksframlegg, Hovudutval for kultur, idrett og integrering/Fylkesutvalet, Vestland fylkeskommune.

Til sist, sidan informasjonen om ordninga både på fylkeskommunen og vertskommunane sine nettsider er lite koordinert, kan det òg ligge eit potensial i å vidareutvikle samarbeidet mellom fylkeskommunen og vertskommunane om den digitale kommunikasjonen av ordninga.


4. Regionale effektar av ordninga

I dette kapitlet ser vi på kva regionale effektar distriktsmusikarordninga har, både positive, negative og uintenderte effektar. Som nemnt i kap. 1.2 er det krevjande å dokumentere effektar av eit tiltak der ein korkje har ei nullpunktsanalyse eller kan avvise at det er andre faktorar som har ført til eventuelle positive effektar. Som førre kapittel har vist, finn vi mange ulike *erfaringar* med distriktsmusikarordninga, og mange *synspunkt* på kva for verknader ordninga har. Ut frå dette kan vi presentere fleire moglege og sannsynlege effektar av ordninga, men vi kan ikkje måle desse som i eit laboratorium. Kapitlet er difor ei analyse av moglege og sannsynlege effektar, basert på eit i hovudsak kvalitativt materiale. Førre kapittel viser at distriktsmusikarordninga har mange positive verknader *lokalt* i dei kommunane som er vertskap for ordninga. Med omgrepet *regionale* effektar forstår vi effektar som går utover dei reint lokale effektane, det vil seie effektar som slår ut i ein større geografisk radius, og gjerne i heile regionen.

4.1 Styrking av musikklivet i heile Vestland


For å vurdere om distriktsmusikarordninga har regionale effektar, er det relevant å spørje i kva grad aktørar i heile Vestland klarar å gjere seg nytte av ordninga. Særleg gjeld dette dei aktørane som ikkje bur i ein av vertskommunane. Dersom dei klarar å gjere seg nytte av den, kan ein hevde at ordninga har positive regionale effektar. Difor spurde vi om akkurat dette. Ordlyden i spørsmålet var *Klarar du og/eller den eininga/organisasjonen du representerer å gjere deg nytte av distriktsmusikarordninga?*

Dersom vi silar ut alle respondentar som bur i ein annan kommune enn ein vertskommune for ordninga, får vi resultatet som vist i Figur 12. Som figuren syner svarar 60 prosent av respondentane at dei i liten eller svært liten grad klarar å gjere seg nytte av ordninga. Legg merke til at vi spør om respondenten har klart å gjere seg nytte av ordninga, ikkje om ordninga er nyttig. Det kan med andre ord vere ulike grunnar, også utanfor ordninga, til at ein aktør ikkje klarer å gjere seg nytte av ordninga. Likevel har ordninga eit uttalt mål om å gjere seg nyttig i heile Vestland, og gje regionale effektar i heile fylket. Når så mange svarar at dei ikkje klarar å gjere seg nytte av ordninga, er det ei utfordring, gitt formålet med ordninga.



Figur 12. Klarar du og/eller den eininga/organisasjonen du representerer å gjere deg nytte av distriktsmusikarordninga? Svar frå respondentar som bur i ein annan kommune enn ein vertskommune. N = 33

Dersom vi ser på svar berre frå respondentar med bustad i vertskommune, ser vi følgjande resultat:



Figur 13. Klarar du og/eller den eininga/organisasjonen du representerer å gjere deg nytte av distriktsmusikarordninga? Svar frå respondentar med bustad i vertskommune. N = 13.


Som vi ser av Figur 13 klarar aktørane i vertskommunane langt større grad å gjere seg nytte av ordninga. Ein grunn til det kan vere at ordninga er meir kjend her, eller at distriktsmusikarane og dei som kan ha nytte av ordninga deler nettverk, og at det dermed er lettare å planleggje og gjennomføre prosjekt. Det kan òg handle om tilgang og reiseavstandar. Til ein viss grad er det billegare for aktørar lokalt å nytte ordninga, fordi det vert lite kostnader til reise og opphald.

Sjølv om målet er at ordninga skal kome heile regionen til gode, har fleire informantar (både frå vertskommunane og frå andre kommunar) uttrykt at det er heilt greitt – og som det bør vere – at størstedelen av utøvardelen av distriktsmusikarstillingane vert brukt innanfor vertskommunen. Argumentet er dels at vertskommunane må få noko att for det ansvaret dei har tatt for ordninga, og dels at aktørar i andre kommunar sjølv har eit ansvar for å ta ordninga i bruk, gjennom å kjøpe tenester frå vertskommunane eller søke på fylkeskvoten. Ein informant som representerer ein vertskommune seier:

Ja, nabokommunane våre har jo vært heldige å kunne kjøpe tenester frå oss, både på undervisnings- og musikasida. Det har jo vært ein kritikk, «Ja, men kva får *vi* igjen for den satsinga?». Men då må ein spele tilbake at dei må jo nytte seg av ressursane. Dei kan ikkje berre tenkje at det kjem dettande til dei. Så vi er jo absolutt samhandlande, vil eg seie, med nabokommunane. Men dei må jo ville det sjølv (Inf. 8).

Korleis denne balansen skal og bør vere mellom vertskommunane og dei andre kommunane, er det ulike meiningar om, men mange vil nok vere einige i at det er naturleg at vertskommunane brukar distriktsmusikarane oftare enn dei andre kommunane. Samstundes meiner vi bruken er såpass ulikt fordelt i regionen, at vi kan slå fast at ordninga kan verte betre på å kome heile regionen til gode.

I spørjeundersøkinga stilte vi òg spørsmålet *I kor liten eller stor grad meiner du distriktsmusikarane styrker musikklivet i din heimkommune?* Figur 14 viser svara for tre kategoriar av respondentar: alle respondentar, respondentar som høyrer til ein kommune som ikkje er vertskommune, og respondentar som høyrer til lokalt musikkliv.



Figur 14: Svar på spørsmålet *I kor liten eller stor grad meiner du distriktsmusikarane styrker musikklivet i din heimkommune?* Alle respondentar, N = 53, Ikkje-vertskommunar, N = 33, Lokalt musikkliv, N = 20. Prosent oppgitt for respondentgruppa «Alle».

Her ser vi at meir enn 45 prosent av respondentane frå kommunar som ikkje er vertskommunar, svarar at distriktsmusikarane i særskild grad styrker musikklivet i deira heimkommunar. Dersom ein ser samla på svara frå alle respondentar, fell denne prosenten til 30, noko som tyder at langt færre respondentar frå vertskommunane til ordninga er like kritiske. Ser ein på dei som har svara at musikarane i stor grad styrker musikklivet i heimkommunen, ser vi at trenden er heilt den same, berre snudd på hovudet; respondentar frå vertskommunane meiner i langt større grad enn dei andre at musikarane og ordninga styrker lokalt musikkliv. Dei som er aller mest fornøgd er den respondentgruppa som vi kallar lokalt musikkliv.

At geografisk avstand frå vertskommunane er svært relevant for om ein opplever at ordninga styrker musikklivet i eigen heimkommune, vert stadfest av ein kommentar i spørjeundersøkinga:

[Kommune] er ikkje vertskap for distriktsmusikarordninga, og får såleis ikkje nytta seg av ordninga på same måte som andre kommunar som er vertskapskommune. Dette meiner eg er negativt for ordninga, og ein burde ha hatt betre samarbeid på tvers av kommunegrensene. Ordninga i seg sjølv er kjempepositiv og gjer til at ein får gode utovarar i stillingane.

Eit overordna inntrykk er altså at distriktsmusikarordninga ikkje når målet om å kome *heile* regionen til gode i brei forstand, og at dei positive effektane i større grad er lokale enn regionale. Vi skal no gå nærare inn på nokre av dei effektane som kan seiast å vere regionale.

4.2 Styrking av rekruttering og talentutvikling i regionen

Eit tydeleg funn i materialet er at distriktsmusikarordninga, gjennom den tette relasjonen til kulturskulane, bidreg til rekruttering og talentutvikling. Dette får i fyrste rekke utslag i kommunane dei held til i. Samstundes er det etablert samarbeid mellom kulturskular i vertskommunar og kulturskular i andre kommunar, og her er vårt inntrykk at distriktsmusikarane spelar ei viktig rolle. Denne kommentaren frå spørjeundersøkinga tyder på det:

Vår nabokommune har distriktsmusikarstillingar. Vi er aktive brukarar av deira tenester. Vi samarbeider mellom anna om prosjekt for born og unge i kulturskulen, vi leiger inn musikarane ved behov og høve, både som instruktørar og som profesjonelle musikarar. Samarbeidet er godt, og kompetansen er god.

Fleire av informantane trekker fram at dei opplever at nokre av distriktsmusikarane, både gjennom undervisning og gjennom det å vere førebilete for born og unge som utøvande musikarar, spelar ei stor og viktig rolle i arbeidet med å dyrke fram unge musikarar i regionen. Spennet som distriktsmusikarordninga representerer, frå heilt profesjonelle samanhengar til samanhengar der profesjonelle, amatørar, born og unge samspeilar, vert trekt fram som viktig. Det gjer også stabiliteten i ordninga; at faste stillingar gjer at nokre av musikarane har vore til stades i lokalmiljøa i lang tid, og at distriktsmusikarane vert kontinuitetsberarar som bind saman det som festivalar og temporære prosjekt står for i kortare periodar. Ein informant seier:

Det at dei har den kontinuiteten det gjev for lokalsamfunnet, og at dei kan vere med og bygge kultur og fagmiljø, det betyr veldig mykje. [...] Og, ja, ikkje minst det her med [...] kulturoppdragelse for dei som veks opp her. At dei har lærarar som er så tydelege utovarar. At dei kan sjå den biten, det synest eg er veldig viktig (Inf. 19).

Der ordninga har nedslagsfelt, er inntrykket vårt altså at den bidreg til å byggje musikklivet frå botn gjennom arbeid med born og unge, og særleg med tanke på fordjuping/talentutvikling. Denne effekten ser til ein viss grad ut til å vere regional gjennom samarbeid mellom kulturskular i og utanfor vertskommunar. Samstundes er det delar av regionen der ordninga ikkje ser ut til å ha slik effekt.

4.3 Styrking av regionale aktørar

Distriktsmusikarressursane vert nytta både av det profesjonelle og det frivillige musikklivet, og til dels av aktørar utanfor musikklivet. Vidare viser materialet vårt at det er eit lite knippe aktørar i vertskommunane og deira nærliggjande kommunar som er storbrukarar av ordninga, og at musikklivet i mange av dei andre kommunane ikkje nyttar den i særleg grad. Ut frå dette kan ein meine at ordninga i hovudsak byggjer *lokalt* musikkliv i vertskommunane med omland, medan dei *regionale* effektane for musikklivet er små.

Når det er sagt, er fleire av storbrukarane av ordninga regionale institusjonar og aktørar. Ein informant peika på at distriktsmusikarordninga «er med å sørge for at veldig mange andre ting rullar i kulturlivet» (Inf. 19), og at ordninga på den måten har ein samfunnsbyggjande verknad som går ut over kommunegrensar. Fleire informantar har vore tydelege på at distriktsmusikarordninga er eit viktig element som verkar saman med andre aktørar og tiltak av regional verdi, til dømes festivalar, institusjonar og utdanningstilbod innan musikk, inn i ein større heilskap. Når distriktsmusikarane har oppdrag for regionale institusjonar, festivalar og andre aktørar, er dei med på å skape møteplassar for aktørar frå musikklivet i heile regionen, både profesjonelle og frivillige. Dette bidreg til å utvikle og halde etablerte nettverk ved like.

I materialet er det fleire døme på at personar som av ulike årsaker ikkje sjølv har direkte nytte av ordninga, likevel meiner ordninga styrker det profesjonelle musikklivet i regionen meir generelt, slik denne kommentaren frå spørjeundersøkinga indikerer:

Vi held til i periferien av fylket, litt for langt frå der musikarane er stasjonert (Førde og Gloppen), så her dryp det ikkje så mykje på klokkaren, men ordninga ser eg uavhengig av dette på som viktig for å løfte profesjonaliteten i fylket.

Men ikkje alle er like positive. Ein av informantane, som er kultursjef i ein kommune som ikkje er vertskap for ordninga, meiner at ordninga forsterkar eksisterande forskjellar mellom kommunar i regionen:

Eg tenker vel at ordninga er med å gjere forskjellen endå større mellom dei tre kommunane i Sogn og Fjordane som har distriktsmusikarordning, og alle dei andre kommunane. Dei som har den ordninga, har allereie kanskje mange andre fordelar som vi heller ikkje har. Det er med på å gjere avstanden, fagleg sett, endå større. Dei vert definerte som regionale senter i større grad enn kva vi andre er, og dermed så får dei... Vi ser det på kulturbyggmidlar. Vi ser det for Sunnfjord kommune sin del, dei har teater og amatørteatermiljø, og på andre kulturfelt også, så har dei... Det vert ei sentralisering, sjølv om det skal vere ei distriktsvenleg innretning på det (Inf. 16).

Denne informanten opplever altså at ordninga fører til ein konsentrasjon av ressursar i desse kommunane, noko vedkomande opplever som problematisk. Vårt inntrykk er likevel at sjølv om distriktsmusikarordninga ikkje ser ut til å kome *alle* delar av regionen like mykje til gode, så kjem den til nytte for ei rekke aktørar og tiltak av regional verdi. Slik sett er ordninga med på å styrke musikklivet i regionen samla sett.

4.4 Robuste fagmiljø

Ei av hovudmålsettingane med ordninga er å sikre at det finst profesjonelle musikarar i distrikt som elles kanskje ikkje ville hatt så mange slike. Fleire av informantane argumenterer for at det er viktig å bygge opp robuste musikkfaglege miljø i nokre kommunar, som kan fungere som motorar for kulturell vekst også i resten av regionen, det som i næringspolitikken ofte vert referert til som (kulturelle) clustre eller klynger (Reve og Jakobsen, 2001). Fleire informantar meinte at distriktsmusikarordninga bidreg til slike klynger, gjennom langsiktige, faste og trygge stillingsheimlar. Dette er attraktive kompetansearbeidsplassar som aukar breidda i den lokale arbeidsmarknaden og er lite konjunkturutsatte, ikkje ulikt statlege arbeidsplassar (jf. Storm et al., 2025). Fleire meiner til dømes at faste stillingar gjer rekrutteringsprosessen mykje lettare, og aukar sjansen for at dei tilsette slår rot i lokalsamfunnet og legg langsiktige planar for å bu lenge på staden. Fleire av distriktsmusikarane vi snakka med stadfesta dette, og meinte ordninga hadde vore avgjerande for at dei torde å flytte til eller verte verande i vertskommunen. Fleire av desse musikarane har vore lenge i stillingane, og har vorte stabile og viktige ressursar i musikklivet. Ein informant, som representerer ein større aktør i musikklivet i regionen, meiner likeins at distriktsmusikarordninga har vore eit av fleire viktige element som har gjort at Gloppen har utvikla seg til å verte ein kulturkommune spennande nok til å flytte heim til. Dette får støtte også frå leire andre informantar. Ein sideeffekt som fleire informantar refererer til er at musikarar som vert tilsett og flyttar til regionen, ofte tek med seg partner, som gjerne òg har høgare utdanning og slik vert ressursar i lokalsamfunnet og regionen. Ein av dei informantane som nemner dette, seier: «Vi ser at det er fleire ektepar som etablerte seg her som følge av ordninga som nok elles aldri hadde vore her, i høve til aktuelle jobbar. Så det er jo eit poeng» (Inf. 9).

Men ikkje alle er samde i at ein treng faste stillingar for å sikre eit bredt musikkliv lokalt. Ein informant, frå ein kommune utan særleg kontakt med distriktsmusikarane, peikar på at det i dag, med moderne kommunikasjon og transport, er lett for både musikarar og publikum å reise til ein stadig større og meir mangslungen kulturmarknad; som vedkomande seier, «det er like lett å kome seg til eller frå Leipzig som til eller frå Sunnfjord» (Inf. 20). Det gjer at ein som lokal arrangør enkelt kan shoppe musikarar frå kor som helst i Noreg (og verda), og at det lokale musikklivet i stor grad tener på det.

Ein einingsleiar for kultur i ein ikkje-vertskapskommune, er inne på det same, når vedkomande hevdar at det å få profesjonelle musikarar til sitt distrikt ikkje er vanskeleg, særleg ikkje til kommunar som er del av ein større arbeidsmarknad rundt Vestland-byane. Det er heilt greitt å bu i Haugesund og jobbe i distrikta, særleg i takt med betra samferdsle og fastlandssamband. Det å ligge nære byar som Haugesund, Bergen og Stavanger, som dei gjer i dei sørlege distriktskommunane i Vestland, gjer ifølgje denne informanten at det ikkje er mangel på musikarar. Vedkomande fortel:

Det bur faktisk ganske mange frilansarar her hos oss lokalt. Så dei kommunalt tilsette musikarane blei eigentleg utkonkurrert òg av frilansarar som kom... Så eg trur noko med geografien har òg noko å seia, kven som blei dei me samarbeidde med. Og det er ganske stort tilfang av både musikarar og kunstnarar i våre område, då. (Inf. 17)

Dei lokalt tilsette musikarane som vart konkurrert ut, var knytt til Distriktsmusikarordninga i Sunnhordland, som fram til 2016 bestod av tre halve stillingar, til saman 1,5 årsverk. Som vi har vore innom fleire gonger i rapporten, vart distriktsmusikarordninga til for særleg å sikre tilgangen til profesjonelle musikarar ute i distrikta. Skal ein tru denne og fleire andre informantar som gjev uttrykk for same tankar, har Hordaland-delen av Vestland med nærleik til regionane knytt til eller med utgangspunkt i Stavanger, Haugesund, Bergen og delvis Stord med tida fått redusert behovet for distriktsmusikarar. Dette behovet er dekt gjennom tett arbeidsmarknadsintegrasjon med dei nemnte by-regionane. I den grad det framleis er eit slikt behov i gamle Hordaland fylke, vil den då vere størst i dei delane av den sørlege delen av Vestland som er geografisk (og demografisk) lengst bort frå desse regionane. I 2021 kartla Vestland fylkeskommune interessa for oppretting av distriktsmusikarstillingar i Vestland i dei 25 kommunane i tidlegare Hordaland fylke.²¹ Fylkeskommunen fekk tilbakemeldingar frå berre ni av desse kommunane (Osterøy kommune, Austrheim kommune, Kvam kommune, Askøy kommune, Øygarden kommune, Voss herad, Alver kommune, Bjørnafjorden kommune og Ullensvang kommune).²² Voss, Ullensvang og Alver kommunar vart etter kvart vertskommunar innanfor ordninga. Blant kommunane som responderte på kartleggingsinitiativet frå fylkeskommunen ligg fleire tett på Bergensregionen og/eller dei andre byregionane i landsdelen. Fleire meir utprega distriktskommunar responderte ikkje. Sjølv om det frå ein fagleg ståstad kan argumenterast for at det er distriktskommunar i sørlege delar av Vestland som ligg så langt frå eksisterande vertskommunar og/eller byregionar at dei kunne hatt behov for distriktsmusikarar, er det sjølvsagt ein føresetnad at desse kommunane sjølve har interesse for å vere vertskommune og ynskjer å prioritere oppretting av slike stillingar.

Også ein siste informant peikar på at mange distriktskommunar etter kvart har god tilgang på profesjonelle kunstnarar, uavhengig av distriktsmusikarordninga, og syner til Fjaler kommune der dei etter vedkomande si meining har eit høgt tal på profesjonelle innanfor kulturfeltet, samanlikna med andre distriktskommunar. Informanten ramsar opp teaterfestivalen i Fjaler, Jakob Sande-senteret for forteljarkunst, Nordisk kunstnarsenter, United World College, Preform, nytt kulturhus og det at kommunen er ein av dei som fekk mest statlege kulturmidlar fordelt på innbyggjarar, som døme på det. Ifølgje informanten, nyttar det lokale kultur- og musikklivet både lokale, nasjonale og internasjonale musikarar. Det regionale får mindre plass i ei slik tenking. Ifølgje denne informanten er det ikkje nødvendigvis slik at ein no går til ei regional ordning for å dekkje lokale behov, og seier: «Skal ein hente inn eksterne, hentar ein gjerne frå Oslo eller Bergen, i staden for musikkordninga i Førde» (Inf. 14).

Informantane over fortel alle om eit endra musikkliv med fleire musikarar med større mobilitet. I eit slikt landskap kan ei distriktsmusikarordning i eit regionalt perspektiv ha ein stikk motsett effekt av det som var tenkt, den kan nemleg virke konkurransevidande og fortrenge musikarar som ynskjer å satse i Vestland. I


²¹ Kartlegging av interesse for oppretting av distriktsmusikarstillingar i Vestland. Brev frå Vestland fylkeskommune til kommunane i tidlegare Hordaland fylke. Kultur, idrett og inkludering. 25.03.2021.

²² Kartlegging av interesse for oppretting av nye distriktsmusikarstillingar i Vestland fylke. Brev frå Vestland fylkeskommune til Osterøy kommune, Austrheim kommune, Kvam kommune, Askøy kommune, Øygarden kommune, Voss herad, Alver kommune, Bjørnafjorden kommune og Ullensvang kommune. Avdeling for Kultur, idrett og inkludering. 15.03.2022.

utøvardelen av stillingane kan ein seie at distriktsmusikarane, iallfall i prinsippet, konkurrerer på den same marknaden som frilansmusikarane. Dersom det er overlapp mellom sjanrar og/eller instrument og marknaden er noko avgrensa, kan konkurransen frå offentleg tilsette distriktsmusikarar potensielt vere ei utfordring for frilansarar som lever av denne marknaden. Nokre informantar stilte spørsmål ved om distriktsmusikarordninga har ein slik negativ effekt på lokal frilansverksemd. Ein informant sa til dømes:

Det er jo klart, på ein sånn plass som vi bur, så kan jo ein negativ konsekvens vere at vi undergrei frilansverksemda. Det tenker eg er gjerne dei færreste plassane. Men det kan jo verte ein konsekvens som er negativ for dei som prøver å leve av å vere frilansar (Inf. 17).


Om dette er ein effekt som er reell, kjem sjølvsagt an på om det faktisk finst profesjonelle musikarar, utover distriktsmusikarane, som opererer på den lokale marknaden. Sidan distriktsmusikarordninga vart etablert har talet på profesjonelle musikarar i Noreg generelt auka nokså mykje, også i Vestland. Dette ser vi i Figur 15, som syner samla musikartettleik i Vestland og i heile landet i perioden 2010–2024. Figuren inkluderer både musikarar og komponistar.



Figur 15. Endring i talet på musikarar og komponistar per 1000 innbyggjarar i perioden 2010–2024 i Vestland og samla for heile landet. Den store auken i 2017 kan forklarast med at data frå fleire kunstnarorganisasjonar vart lagt til i datagrunnlaget. Kjelde: Norsk kulturindeks.

Som vi ser, har talet på musikarar per 1000 innbyggjarar vore aukande både i Vestland og i Noreg i perioden, men vi ser og at tettleiken er lågare i Vestland enn i landet elles. Som figuren viser, kan ein sjå ein særleg auke frå 2016 til 2017, som skuldast at data frå fleire kunstnarorganisasjonar vart lagt til i datagrunnlaget.

Norsk kulturindeks viser også talet på musikarar busett i alle norske kommunar. Det kan vi nytte til å sjå på om det kan vere ein samanheng mellom distriktsmusikarordninga og musikarpopulasjonen i Vestland. I Figur 16 ser vi talet på musikarar og komponistar i Vestland i alle kommunar med ein musikarpopulasjon større enn fem musikarar:



Figur 16. Oversikt over muskar- og komponistpopulasjonen i eit utval kommunar i Vestland i 2024. Kjelde: Norsk kulturindeks.

Bergen er ikkje med i oversikten over, men trona i 2024 langt over dei andre med sine 1 124 musikarar. Av dei 12 neste kommunane med flest musikarar er fem (Alver, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden, Osterøy) del av regionen *Bergen og omland* (tidlegare Bergensregionen). Dette er musikarar som truleg i stor grad har Bergensregionen som sin arbeids- og innpendlingsmarknad. Dei seks vertskommunane for distriktsmusikarordninga er alle blant dei ti kommunane med flest musikarar (etter Bergen): Alver og Voss med kvar si distriktsmusikarstilling, Sunnfjord med sine åtte musikarar, Gloppen med sine seks, Sogndal med sine fem, og Ullensvang med sin eine. Av kommunane med flest musikarar og komponistar er det berre Stord som ikkje er i Bergensregionen eller er vertskommune for denne ordninga. Det kan vere ein indikasjon på at distriktsmusikarordninga, slik fleire av informantane hevdar, bidreg til eit sterkare musikkliv lokalt. Her må vi likevel ta fleire atterhald. For det fyrste er Alver, Voss og Ullensvang nye i ordninga, så nokon slik effekt er det for tidleg å snakke om der, sjølv om Voss rett nok har hatt ein annan distriktsmusikarordning med lengre historie. Vidare er det vanskeleg å seie i kva grad ein effekt er årsak eller verknad. Er det mange musikarar i Sunnfjord fordi dei har mange distriktsmusikarar, eller ville Sunnfjord uansett vore ein rik musikk-kommune pga. heilt andre årsaker? Til sist er det verdt å nemne at det er mange kommunar i Vestland utanfor Bergen og omland som ikkje er vertskommune, og som trass i det har ein ganske stor muskar- og komponistpopulasjon. Stord, Kvam, Kvinnherad, Bømlo, Vaksdal, Kinn og Fjaler er alle døme på det.

Med andre ord, med omsyn til robuste fagmiljø og klyngeeffektar, er ikkje materialet vårt eintydig; ordninga har truleg både positive og negative effektar samstundes, som samverkar utan at vi har grunnlag til å slå fast at det vippar i den eine eller andre retninga.

4.5 Styrking av regional identitet

I materialet vårt kjem det òg fram at distriktsmusikarordninga har andre regionale effektar som er meir indirekte. Som vi høyrte i det førre kapitelet, styrker distriktsmusikarordninga dei regionale institusjonane. Det at ein som innbyggjar kan gå på konsert, opera eller festival og oppleve at det er mange musikarar frå regionen som medverkar, vert av fleire framheva som noko ein kan vere stolt av og som styrker regional identitet. Som ein kulturskulerektor påpeikar, kan dette òg bidra til å gjere musikklivet synleg i ein politisk kontekst:

Det at det er årvisse ting som skjer i fylket – i nordfylket, får eg vel seie. Altså, Opera Nordfjord hadde nok eksistert utan distriktsmusikarane, men samtidig så sit det kanskje ti distriktsmusikarar i orkesteret kvar einaste produksjon. Og effekten av det er jo òg at politikarane vert veldig bevisst at «oi, der sit det *så* mange frå *min* kommune». Og då vert dei litt stolte, fordi dei ser ein sånn fantastisk produksjon. (Inf. 8).

Det er også mange blant informantane våre, som ikkje sjølv held til i ein vertskommune, som gjev uttrykk for at dei har eit positivt inntrykk av distriktsmusikarordninga. Sjølv om nokre er kritiske til ordninga, er vårt hovudinntrykk basert på eit samla materiale altså at ordninga har eit godt omdøme – også utanfor vertskommunane. Materialet vårt indikerer med andre ord at ordninga alt i alt vert sett på som eit positivt tilskot til regionen og den kulturelle identiteten til Vestland. Dette ser ut til å ha vorte styrka gjennom at ordninga har vorte utvida med folkemusikarar.


4.6 Den regionale effekten av distriktsmusikarordninga alt i alt

Fleire spørsmål i spørjeundersøkinga tek opp generelle effektar av distriktsmusikarane og distriktsmusikarordninga sitt bidrag til det lokale og regionale musikklivet i Vestland. Særleg relevant er spørsmålet som ber respondenten vurdere i kva grad han eller ho og/eller den eininga/organisasjonen han eller ho representerer, klarar å gjere seg nytte av distriktsmusikarordninga. Som vi hugsar, svara 60 prosent av respondentane frå andre kommunar enn vertskommunane at dette var tilfelle i liten eller særst liten grad. I tillegg var meir enn 10 prosent usikre. 70 prosent av dei som ikkje har direkte kontakt med ordninga, klarar altså ikkje å gjere seg nytte av den.


Også dei tre spørsmåla *I kva grad meiner du distriktsmusikarane styrker musikklivet i din heimkommune?*, *Kor dårleg eller gode meiner du distriktsmusikarane er til å realisere prosjekt lokalt?*, og til slutt *Samla sett: kor viktig meiner du distriktsmusikarordninga i Vestland er?* tek for seg generelle effektar, også utover ordninga sine kjerneområde. Også her har vi presentert og analysert svar i tidlegare kapittel. Då fann vi at heile 60 prosent av respondentane frå kommunar som ikkje er vertskommunar, svarar at distriktsmusikarane i liten eller særst liten grad styrker musikklivet i sin heimkommune. Litt betre vurdering gav respondentane frå kommunar som ikkje er vertskommunar på kor gode eller dårlege distriktsmusikarane er til å realisere prosjekt lokalt. 25

prosent av dei svara at musikarane og dermed ordninga er gode eller sær gode til dette. Samstundes er det verdt å leggje merke til at mange respondentar, opp mot 40 prosent i alle dei tre respondentgruppene, har nytta svaralternativet *Usikker, veit ikkje, ikkje relevant*. Dette ser vi gjennomgåande i datamaterialet, og som tidlegare nemnt, er vår tolking at dette har å gjere med generelt liten kunnskap om og kjennskap til ordninga utanfor vertskommunane – med nokre unnatak. Det er med andre ord grunn til å tru at den relativt svake effekten av ordninga regionalt har nær samanheng med nettopp kor kjent den er, og kor godt den vert marknadsført, kommunisert og forklart.

Det siste generelle spørsmålet i spørjeundersøkinga hadde ordlyden *Samla sett: kor viktig meiner du distriktsmusikarordninga i Vestland er?* Dette spørsmålet undersøker alle respondentane sine vurderingar om ordninga alt i alt, og seier samstundes noko om korleis dei vurderer den regionale effekten. Det er fordi respondenten i dette spørsmålet må ta stilling til alle aspekt ved ordninga, og med utgangspunkt i det felle ein dom. Dette inkluderer kor vidt ein meiner ordninga er viktig trass i at ein sjølv kanskje ikkje dreg nytte av den. Ein kan argumentere for at det er nettopp i ein slik effekt at ein regional nytte ligg. Det er urealistisk at distriktsmusikarane aktivt skal nå å vere til stades i alle kommunar i Vestland. Ordninga er slik sett avhengig av at den kan skape regional effekt utan slikt nærvære.



Figur 17 syner kva respondentane svara på dette oppsummerande spørsmålet:



Figur 17. Svar på spørsmålet *Samla sett: kor viktig meiner du distriktsmusikarordninga i Vestland er?* Alle respondentar, N = 53. Ikkje-vertskommunar, N = 33, Lokalt musikkliv, N = 20. Prosent oppgitt for respondentgruppa «Alle».

Som vi hugsar svara mange av respondentane frå kommunar som ikkje er vertskommunar – faktisk heile 60 prosent – at distriktsmusikarordninga i svært liten eller liten grad styrker musikklivet i heimkommunen. Då er det interessant at så mange likevel er positive til ordninga *alt i alt*. Som vi ser av figuren, over 50 prosent av denne respondentgruppa meiner at distriktsmusikarordninga i Vestland samla sett er særs viktig eller viktig. Tek ein med alle respondentane meiner endå fleire at ordninga er viktig, alt i alt.

Likevel er det verdt å peike på at om lag ein fjerdedel av respondentane er usikre, ikkje veit eller ikkje meiner spørsmålet er relevant. Det er grunn til å tru at mange som svara det er skeptiske til den regionale nytta av ordninga. Om ein i tillegg legg vekt på dei spørsmåla som meir direkte undersøkte regional effekt, og ikkje minst ser til oversikten over kven som har nytta fylkeskvoten, kan resultatet av undersøkinga vår tolkast litt annleis. Oppsummert syner statistikken, som nemnt i kapittel 2, at fylkeskvoten i perioden 2012–2025 ikkje har vore nytta fullt ut. Søknadar om bruk av fylkeskvoten har generelt hatt eit mindre omfang enn det som er kapasiteten i ordninga. Sidan mange søknadar heller ikkje har vorte innvilga, gjev dette fylkeskvoteordninga låg utnyttingsgrad. Det er fleire grunnar til dette. Aller viktigast er det at ordninga er lite kjend, lite marknadsført og svakt forklart på dei flatene der ein eventuelt søker informasjon. I tillegg er det grunn til å tru at ikkje alle ser muskarane i ordninga som relevante for seg og sine aktivitetar. Dette kan ha med at dei er i «feil» sjanger, eller har for låg kjendis-faktor. Mange ynskjer dessutan å nytte lokale krefter, både for å utvikle lokalt musikkliv og for å dra nytte av bestemor-effekten, det at lokale aktørar ofte trekkjer eit stort publikum av familie og vener, ofte langt større enn kva ein kan rekne med at ein halv-kjend distriktsmusikar gjer. Til sist, basert på intervjudata, antek vi at dette har å gjere med at lange reiseavstandar gjer at det vert for kostbart å nytte muskarane, trass i at honorara deira er subsidiert.

Nokre informantar er, som vi har sett, kritiske til distriktsmusikarordninga, og meiner ressursane kunne ha vore nytta betre på ein annan måte. Eit viktig spørsmål henta frå økonomifaget er kva alternativkostnad eit (kultur)politisk tiltak har, dvs. kva kunne pengane gått til dersom ein valde å omdisponere dei, og ville ein slik bruk fått større nytte eller effekt enn kva som er tilfelle i dag? Fleire av informantane peikar nettopp på alternativkostnaden ved distriktsmusikarordninga i Vestland, og foreslår blant anna å vri ressursane frå faste stillingar og over til prosjektmidlar, som er meir fleksible, slik som denne respondenten svara i ein utfyllande kommentar i spørjeundersøkinga:

Dersom man ville utnytte disse kultur-kroner godt, og nå mange, burde midlene være søkbare midler for alle, istedenfor direkte overføringer til enkelte kommuner, forbeholdt til klassisk musikk.

Dersom ei omlegging frå faste stillingar til prosjektmidlar skal gje meining, må ein ha tryggleik for at midla i ein ny modell framleis vert nytta til musikkføremål, og med nokolunde same målsetjingar som før. Det er langt frå sikkert i ei tid med anstrengt kommunal og fylkeskommunal økonomi. Fleire informantar peika i intervjuet med oss på at politikarar både i vertskommunane og fylkeskommunen i liten grad har foreslått å kutte i distriktsmusikarordninga. Ein viktig grunn til det var nettopp korleis ordninga gjensidig forpliktar dei medverkande, og at ein ved å trekkje seg ut samstundes ville miste fylkeskommunal støtte. Ein etatsleiar i en av vertskommunane fortalde akkurat dette:

Ja, eg tenker jo at stillingane er viktige, og i ein kommunal samanheng der kommuneøkonomien stadig handlar om å finne kutt, så er jo distriktsmusikarordninga på ein måte, ser eg, iallfall lokalt her, ei slags ... det gjer at politikarane er litt forsiktige med å pirke borti. (Inf. 9)

Spørsmålet er dermed om det å omdisponere midlane faktisk vil sikre midlar til alternativ bruk og nytte for musikklivet. Det er slett ikkje sikkert.

Oppsummert viser det samla empiriske materialet at ordninga har fleire positive effektar, men at desse er tydelegast i vertskommunane og i dei kommunane som har vertskommunane som naturlege samarbeidskommunar. Det er mogleg å argumentere for at dette kan kallast regionale effektar. Den regionale effekten, forstått som effekt for *heile Vestland*, må likevel seiast å vere liten.

5. Oppsummering og konklusjon

Mandatet for evalueringa har vore å undersøkje om distriktsmusikarordninga kjem heile fylket til gode i samsvar med intensjonen ved etableringa av ordninga; å styrke musikklivet i distrikta gjennom oppretting av profesjonelle muskarstillingar. Dette har inkludert 1) å undersøkje korleis musikklivet i kommunane opplever ordninga, det vil seie kva erfaringar dei har med den, kva synspunkt dei har på korleis den fungerer, og korleis dei gjer seg nytte av den, og 2) å undersøkje kva dei regionale effektane av ordninga er. Gjennom dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking har vi lagt vekt på å inkludere perspektiv både på dei aktørane som er del av og nyttar ordninga og dei aktørane som per i dag ikkje er del av eller ikkje nyttar den. Vidare har det vore sentralt å undersøkje regionale effektar både med tanke på den frivillige og den profesjonelle delen av musikkfeltet.

Distriktsmusikarordninga i Vestland kom til i eit kulturpolitisk klima der klassisk musikk hadde ein meir dominerande samfunnsposisjon enn i dag, i tillegg til at folkemusikken frå landsdelen hadde behov for profesjonalisering og institusjonalisering. Sidan etableringa har musikkfeltet og samfunnet elles endra seg mykje, og ein kan stille spørsmålet om ordninga framleis er eit relevant politisk verkemiddel, eller om den, som ein informant formulerte det, har «gått ut på dato». Sett opp mot andre musikkpolitiske og kunstnarpolitiske tiltak, stikk distriktsmusikarordninga seg ut ved at den er ei ordning der musikarar er offentleg tilsette i faste stillingar. Dette har både positive og negative sider. På den positive sida kan det bidra til å gjere stillingane attraktive og til at folk vert lenge i jobben, som i sin tur legg grunnlaget for at distriktsmusikarane kan utgjere stabile ressursar i musikklivet lokalt og regionalt. På den negative sida gir ordninga mindre fleksibilitet for kommunane, og ein kan risikere at det vert krevjande å oppretthalde høg kvalitet og relevans over tid i takt med endringar i behova til kommunane og ynskje og trendar blant målgruppene. Dersom ein skal fylgje utviklinga i den statlege/nasjonale kulturpolitikken, vil det vere naturleg å gjere ordninga meir fleksibel i korleis ein tilset musikarane. Det vanlegaste kompromisset i den norske arbeidslivsmodellen, og som er mykje nytta i kulturlivet, er å lyse ut stillingar med høge krav til fleksibilitet, utvikling og omstilling som åremålsstillingar. Med ei slik løysing må ein vurdere om det vil sikre at musikarar framleis vil ynskje å flytte til dei aktuelle kommunane og etablere seg der med tilstrekkeleg lang tidshorisont. Ser ein distriktsmusikarordninga opp mot den generelle kulturpolitikken, vil det dessutan vere naturleg å utvide ordninga til også å innlemme andre sjangrar enn klassisk musikk og folkemusikk.

Ser vi det empiriske materialet under eitt, er det ingen av dei vi har intervjuet eller av dei som har svara på spørjeundersøkinga som argumenterer for at distriktsmusikarordninga bør avviklast eller fasast ut. Informantane er anten positive til ordninga eller meir likegyldige. Samstundes kjem det fram at behovet for faste utøvarstillingar ute i distrikta, som distriktsmusikarordninga er ein flaggskipmodell for, kanskje ikkje lenger er like stort som då ordninga vart etablert, og fleire peikar på at ein med ei ordning med mange faste, varige stillingar mister fleksibilitet, og at klassiske kulturpolitiske verdiar som kvalitet, mangfald og

(dermed) relevans kjem i andre rekkje, etter distriktpolitiske mål og verdiar. Mange er kritiske også til andre, mindre prinsipielle sider ved ordninga, og det har kome fleire framlegg til både større endringar og mindre justeringar.

Etter utviding av distriktsmusikarordninga er det seks vertskommunar i ordninga. Sjølv etter utvidinga er det den nordlege delen av regionen som i størst grad er dekt opp av ordninga. Som vist i kap. 4, varierer det mykje kor mange profesjonelle musikarar som held til i dei ulike kommunane i regionen. Dei kommunane som har flest musikarar er, med unntak av Stord, vertskommune for ordninga eller ligg i Bergensregionen. Slik sett kan ein argumentere for at kommunar som per i dag ikkje er vertskommune, eller som ikkje ligg nær Bergen med sitt store tilfang på musikarar, bør få kome med i ordninga. Samstundes er det nokså store musikarpopulasjonar i fleire av desse kommunane, så det er ikkje sjølvsagt at desse kommunane *treng* distriktsmusikarar. Fleire av våre informantar meiner dessutan at tilgangen på musikarar er god i mange kommunar, ikkje minst dersom avstanden til byar som Haugesund og Stavanger ikkje er så stor. Skal ein utvide ordninga med fleire vertskommunar, bør ein difor vurdere å prioritere kommunar som har svært få profesjonelle musikarar, som har lang reisetid til kommunar med god tilgang på frilansmusikarar og/eller distriktsmusikarar, og som erfarer at det er vanskeleg å trekke til seg profesjonelle musikarar, inkludert gode søkarar til musikarstillingar i kulturskulen.

Dei 22 distriktsmusikarstillingane i Vestland i dag er fordelt ulikt på dei seks vertskommunane. Tre av vertskommunane har mellom fem og åtte musikarar, medan tre har berre éin musikar kvar (evt. to i delt stilling). Fleire informantar nemner at det er utfordrande å nå måla i ordninga i vertskommunar med berre éi stilling, fordi det vert for smått. Sjølv om ein med eit betre utvikla samarbeid med distriktsmusikarar i andre kommunar og med andre musikarar kan få til meir aktivitet og større prosjekt, vil det vere ein fordel at vertskommunane tilset meir enn éin musikar. Samstundes, ved ei eventuell utviding av ordninga må dette sjåast opp mot behovet for å nytte friske midlar til å inkludere fleire vertskommunar i delar av regionen som er svakt dekt opp.

Evalueringa av distriktsmusikarordninga viser, med nokre atterhald, at den har positive effektar, men at intensjonen om å styrke musikklivet i heile regionen ikkje er fullt ut realisert. Gjennom musikarstillingar som kombinerer ein utøvardel og ein undervisningsdel knytt til kulturskulane, bidreg ordninga til å styrke grasrota i musikklivet lokalt gjennom rekruttering, talentutvikling og ulike musikkprosjekt. Ordninga kan også seiast å vere ein berebjelke for den profesjonelle delen av musikklivet i fleire kommunar, men fleire kritiske røyster peikar på at denne modellen, med faste, varige stillingar, gjev avkall på naudsynt fleksibilitet. Dette kan potensielt slå negativt ut for musikarane sin kvalitet og relevans. Dei positive effektane er dessutan størst i vertskommunane og nærliggjande område. Utvidinga av ordninga med fleire vertskommunar har styrkt den regionale dekninga. Samstundes er det kommunar, spesielt i den sørlege delen av fylket, som opplever avgrensa nytte av ordninga, mellom anna på grunn av geografisk avstand til vertskommunane eller til byregionar med frilansmusikarar. Eit gjennomgåande funn i evalueringa er at ordninga er

lite marknadsført, og at kjennskapen blant målgruppene er for liten; både om at ordninga finst, og korleis musikklivet kan nytte seg av tenestene til distriktsmusikarane.

5.1 Tilrådingar

Evalueringa har avdekt nokre sider ved ordninga som bør vurderast, og nokre utfordringar og forbedringspotensial. Gitt at partane i ordninga ynskjer å halde fram med ordninga og vidareutvikle den, har Telemarksforsking fylgjande tilrådingar:

1. For å sikre fleksibilitet, kvalitet og relevans, bør ein ved nye tilsetjingar vurdere å tilsetje musikarar i åremålsstillingar med lang horisont, til dømes 6 år.
2. For å sikre relevans og kulturpolitisk legitimitet, bør ein ved nye tilsetjingar vurdere å tilsetje musikarar med kompetanse innan instrument og sjangrar som kan komplettere eksisterande kompetanse i ordninga. Dette må samstundes sjåast opp mot behovet for god samansetjing av musikargrupper i dei ulike vertskommunane.
3. Ved utviding av ordninga med fleire vertskommunar og/eller fleire musikarar, bør ein prioritere kommunar som har svært få profesjonelle musikarar, som har lang reisetid til kommunar med god tilgang på frilansmusikarar og/eller distriktsmusikarar, og som har utfordringar med å trekke til seg profesjonelle musikarar, inkludert gode søkarar til musikarstillingar i kulturskulen. Ein bør óg prøve å unngå å ha vertskommunar med berre éin tilsett distriktsmusikar, då evalueringa viser at det er krevjande å nå måla i ordninga med så liten muskarressurs.
4. Partane i ordninga bør gå saman om å formulere tydelegare og meir konkrete mål for ordninga, som er lette å kommunisere til omverda.
5. Partane i ordninga oppmodast til å, gjerne i samarbeid med musikklivet, legge meir innsats i å marknadsføre ordninga til relevante brukargrupper. Dette inkluderer oppdatert og konkret informasjon om ordninga på fylkeskommunale nettsider. Bättre kommunikasjon av ordninga vil på sikt kunne føre til at fleire aktørar vil bruke ordninga, og gje betre utnytting av fylkeskvoten, som vil auke dei regionale effektane.
6. Det er behov for å utvikle meir samarbeid i og om ordninga: 1) Vertskommunane oppmodast til å etablere ein digital samarbeidsarena for distriktsmusikarane. 2) Partane i ordninga oppmodast til å halde fram arbeidet med å etablere ein arena for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige feltet. 3) Partane i ordninga oppmodast til å vidareutvikle samarbeidet om kommunikasjonen av ordninga.

Referansar

- Beck, E. & Braseth, L. (1971). *Plan for utbygging av skolekonserter i Norge*. Rikskonsertene. Beck, U. (1992). *Risk Society. Towards a New Modernity*. Sage.
- Berge, O. K., Haugsevje, Å. D., & Myhrer, R. S. (2025). *Kakofoni og samklang. Gjennomgang av virkemiddelapparatet på musikkfeltet* (TF-rapport nr. 903). Telemarksforsking.
- Heian, M. T., & Berge, O. K. (2024). *Kulturskolen : fritidsarena og kulturpolitisk mikrokosmos*. Universitetsforlaget.
- Henningesen, E. (2024). Den kulturpolitiske omsorgen for brukerne. I R. T. Solberg (red.), *Tverrfaglege perspektiv på kulturbruk, publikum og deltaking*. Kulturrådet
- Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? : innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (4. utgave). Cappelen Damm akademisk.
- Kleppe, B., & Askvik, T. (2023). *Kunstnerundersøkelsen 2019*. Kulturdirektoratet.
- Lavrakas, P. J. (2008). Respondent Fatigue. I *Encyclopedia of Survey Research Methods* (Vol. 2, pp. 742-743). Thousand Oaks California: SAGE Publications, Inc.
- Mangset, P., & Hylland, O. M. (2017). *Kulturpolitikk : organisering, legitimering og praksis*. Universitetsforlaget.
- NOU 2025: 7. *Musikklandet. Flerstemt musikkpolitikk for framtiden*.
- Reve, T. & Jakobsen, E. W. (2001). *Et verdiskapende Norge*. Universitetsforlaget.
- Rikskonsertene og Norske Kommuners Sentralforbund. 1985. Fra regionmusikerordning til distriktsmusikerordning. Utredning om regionmusikerordningen. Oslo, april 1985,
- Storm, H. N., Gram, I., Vareide, K., Gleinsvik, A., & Klingenberg, S. (2025). *Konsekvenser ved omlokalisering og utflytting av statlige virksomheter* (TF-rapport nr. 913). Telemarksforsking.
- Vandvik, T. (red.). «For barn og unge» : *Utdrag av Rikskonsertenes historie*.
- Woodcock, J. & Graham, M. (2020). *The Gig Economy. A Critical Introduction*. Polity Press.